



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Måløy rådhus, kommunestyresalen 3. etg.
Dato:	12.06.2025
Tid:	Kl. 08:15 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Anett Berg	UAH
Bente Olseth	UAH
Jan Gunnar Holvik	UAH
Lillian Bratholmen	UAH
Mats Brunsvik	UAH
Morten Andreas Hagen	UAH
Ørjan Kvalheim	UAH
Doris Christensen	Kinn AP
Elisabeth Halsne	Kinn SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Silje Ødegård Standal	Kinn AP	Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP	Ralf Einar Johannessen	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP		
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Martin Inge Eikås	Kinn FrP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H	Siri Sunde	Kinn H
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Anne Marit Seljeseth	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V
Håkon Skram Heggen	UAH	Solbjørg Myrhaug Teige	UAH

Andre som møtte:

Kjell Heggen, leiar Kinn kontrollutval
Vilde Johannesen, ungdomsordfører

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Ola Teigen	25/20446		jf. forvaltningslova § 6 e
Ola Teigen	25/20668		jf. forvaltningslova § 6 e

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Norunn Stavø, kommunalsjef
Linda Nipen, kommunalsjef
Anita Solbakken, tenesteleiar
Ingunn Frislid Solheim, rådgjevar
Kristin Maurstad, rådgjevar
Iris Gangeskar, konsulent
Mari Halsør, konsulent

Ymse:

37 stemmeberettiga i sakene 066/25-079/25, 36 stemmeberettiga i sakene 080/25-088/25.

Habilitetsvurdering i sakene 084/25 og 085/25.

Repr. Tveranger (R) fråtrede møtet kl 11.20, før behandling av sak 080/25. Ingen vara.

Måløy, 15.06.2025

Bengt Solheim-Olsen
Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
066/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
067/25	Godkjenning av møteprotokoll
068/25	Spørsmål
013/25	Spørsmål - Ansettelser i kommunen
014/25	Spørsmål - Utvikling av kommunale stillinger 2020 - i dag
015/25	Spørsmål - Menn i Helse
069/25	Orientering frå ungdommens kommunestyre
070/25	Orienteringar
071/25	Refererte skriv og meldingar
072/25	Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og Årsmelding 2024
073/25	Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2024
074/25	Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2024
075/25	Havhesten Kinn kommune KF - Endring i budsjett 2025 - Finanskostnader
076/25	Kinn utdannings og ressurscenter KF - Årsrekneskap og årsmelding 2024
077/25	Kinn kommune - årsrekneskap og årsrapport 2024
078/25	Kinn kommune - Første tertialrapport 2025 med revidert budsjett og finansrapport
079/25	Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi - utkast til 2. offentlig ettersyn
080/25	Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-25
081/25	Reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune
082/25	Prosess på utforming av retningslinjer for kulturfond i Kinn
083/25	Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgåvefellesskap - NY BEHANDLING
084/25	Orientering om samarbeid mellom Kinn kommune og Origo si satsing på FRAM
085/25	Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor
086/25	Handlingsplan for bruk av kunstig intelligens (KI) i Kinn kommune
087/25	Interpellasjonar
003/25	Interpellasjon - Kultur - Anbud på lyd/lys
004/25	Interpellasjon til kommunestyret - Nytt vindkraftområde ved Magnhildskaret
088/25	Bordgleder KF - Revidert budsjett 2025 samt revidert økonomiplan 2026-2028



Saksnr.	Utval	Møtedato
066/25	Kommunestyret	12.06.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 066/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Godkjenning av innkalling:

Repr. Tveranger (R) kritiserer logistikken, båtrotene og korrespondanse. At ein ikkje rekk innanfor opningstid i barnehage og skule/sfo.

Godkjenning av sakliste:

Repr. Tveranger (R) kommenterer at sak 085/25 er ein orienteringssak, og bør vere lenger oppe på saklista.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 066/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
067/25	Kommunestyret	12.06.2025

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 067/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Ingen merknadar.

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 067/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 15.05.2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
068/25	Kommunestyret	12.06.2025

Spørsmål

KOST- 068/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Spørsmål frå Venstre v/repr. Nødseth:

1. Omsorgstenesten - opererer no med betydeleg kapasitet med ledige rom. Kva er status no og kvifor er vi kome dit når presset er så stort i omsorgstenesta?
2. Planutvalet: Har tidlegare etterlyst framdrift i kommuneplanens arealdel. Seinast før sommaren 2025 skulle planen ut på høyring. Kva skjer her?

Spørsmål frå Venstre v/repr. Eliasson:

Vedrørande det å skreddersy stillingar. Musikkskulen hadde utlysning med krav om kompetanse på messinginstrument, noko som er veldig spesifikt. Ønskjer orientering om det.

Ordførar informerer om at ein prøvar å få svar på disse spørsmåla i løpet av møtet.

Spørsmåla vart ikkje svara ut i møtet.

Innsendte spørsmål vert svara ut under einskilte saker.

KOST- 068/25 Vedtak:


Ingen vedtak.

Underliggende sak:

013/25, Spørsmål - Ansettelse i kommunen
Ingen vedtak.

014/25, Spørsmål - Utvikling av kommunale stillinger 2020 - i dag
Ingen vedtak.

015/25, Spørsmål - Menn i Helse
Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 25/25349
Sakshandsamar: Bengt Solheim-Olsen
Dato: 01.06.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/25	Kommunestyret	12.06.2025

Spørsmål - Ansettelser i kommunen

KOST- 013/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Spørsmål frå UAH v/repr. Brunsvik - Ansettelser i kommunen

Til kommunens administrasjon

Vi viser til en artikkel i Firdaposten der Utdanningsforbundet kritiserer Kinn kommune for å skreddersy stillingsutlysninger til enkeltpersoner og for å geografisk lokalisere enkelte stillinger uten saklig grunnlag. I lys av dette ønsker vi å stille noen spørsmål om kommunens generelle praksis for stillingsutlysninger og ansettelsesprosesser, spesielt i en tid hvor kommunen er økonomisk presset og står overfor nødvendige nedskaleringer. Det er viktig at kommunen i denne prosessen sikrer at vi får de beste søkerne fra hele kommunen, og ikke begrenser mulighetene til kun et geografisk område.

1. Praksis for stillingsutlysninger:

Hvordan fastsetter kommunen hvilke stillinger som skal utlyses, og hvordan sikres det at prosessene er åpne og rettferdige, særlig i en økonomisk krevende situasjon hvor nedskalering og effektiv ressursbruk er nødvendige?

Hvilke kriterier benyttes når en stilling geografisk knyttes til et bestemt område eller senter i kommunen? Er det et objektivt og saklig grunnlag for slike beslutninger, eller kan slike geografiske begrensninger hindre at kommunen får tilgang til de beste søkerne fra hele kommunen?

Hvordan sørger kommunen for at stillingsutlysninger ikke blir skreddersydd for enkeltpersoner, og at prosessene er tilgjengelige for alle kvalifiserte søkere, uavhengig av geografisk tilhørighet?

2. Ansettelsesprosess og kriterier:

Hvordan håndteres ansettelsesprosessen når kommunen skal skalere ned eller

omprioritere arbeidsplasser? Hvilke prosedyrer følges for å sikre rettferdighet og åpenhet i vurderingene, samtidig som kommunen får tilgang til de beste kandidatene, uavhengig av deres geografiske tilhørighet?

Hvordan vurderer kommunen behovet for å geografisk plassere stillinger i tråd med tilgjengelige ressurser og budsjettbegrensninger, samtidig som det sikres at hele kommunens kompetanse og kvalifiserte søkere tas i betraktning?

Hvordan dokumenteres og offentliggjøres vurderingene av søkerne, og hvordan sikres det at ingen søkergrupper blir urettferdig forfordelt på grunn av geografisk plassering?

3. Evaluering og oppfølging av ansettelsespraksis:

Har kommunen evaluert tidligere ansettelsesprosesser og stillingsutlysninger for å vurdere om de har vært rettferdige og i tråd med kommunens mål om effektiv ressursbruk og kostnadskontroll, samtidig som vi har sikret tilgang til de beste søkerne fra hele kommunen? Hvis ja, kan resultatene av slike evalueringer deles?

Hvordan håndterer kommunen eventuelle bekymringer om at stillingsutlysninger kan ha blitt skreddersydd til enkeltpersoner, enten med eller uten intensjon, og hvordan sikres at prosessene er åpne og tilgjengelige for alle kvalifiserte søkere, uavhengig av deres geografiske plassering?

Vi ber om at kommunen gir en tydelig redegjørelse for hvordan disse prosessene håndteres, hvordan kommunen tilpasser seg den økonomiske situasjonen, og hvordan man sikrer rettferdighet, åpenhet og tilgang til de beste søkerne fra hele kommunen.

Svar frå ordførar:

1. Praksis for stillingsutlysingar

1.1. Kinn kommune følgjer fast prosedyre for tilsetting. Når ei stilling blir ledig, eller nytt behov oppstår, er det ansvarleg leiar som vurderer om stillinga skal lysast ut. Det blir gjennomført behovsanalyse i samarbeid med tillitsvalde, og det skal vurderast om oppgåvene kan løysast på annan måte før utlysing. Dersom det er grunnlag for å lyse ut stillinga, blir ho kunngjort offentleg. Tilsettingsprosessen skjer i tråd med kvalifikasjonsprinsippet og kommunen si prosedyre: alle søkjarar blir vurderte etter formelle og personlege kvalifikasjonar, og innstillinga skal vere sakleg, dokumentert og etterprøvbar. Leiar og tillitsvald deltek i vurderinga. Dette sikrar ein open og rettferdig prosess.

1.2. For dei fleste stillingar – til dømes i barnehagar, skular og institusjonar – er arbeidsstaden fast definert ut frå tenestebehovet. Det handlar om kvar oppgåvene faktisk skal utførast, og kva bemanning som trengst lokalt. I slike tilfelle blir geografisk plassering tydeleg oppgitt i utlysinga. For enkelte administrative stillingar, særleg i sentraladministrasjonen, kan enten Florø eller Måløy vere aktuell kontorstad. Slike vurderingar er baserte på praktiske forhold som organisering, kontorkapasitet og samhandling. Der dette er relevant, blir det opplyst i utlysinga – med presisering om at reise må påreknast. Dette bidreg til å gjere stillinga aktuell for fleire kvalifiserte søkjarar og styrkar reell konkurranse.

1.3. Kinn kommune følgjer ein felles prosedyre for tilsetting, der alle steg frå behovsvurdering til innstilling skal vere dokumenterte, saklege og etterprøvbare. Før utlysing skal ansvarleg leiar, i samarbeid med tillitsvalde, gjennomføre ei behovsanalyse og utarbeide ei kravspesifikasjon for stillinga. Desse vurderingane skal byggje på faktiske oppgåver og kompetansebehov – ikkje på personar.

Utlysingsteksten blir utforma med utgangspunkt i desse vurderingane, og stillingar blir alltid lyst ut offentleg via Webcruiter. Kvalifikasjonsprinsippet ligg fast til grunn, og søkjarar blir vurderte opp mot krava i utlysinga – uavhengig av bustad eller geografisk tilhørslse. Heile prosessen frå søknadshandsaming til intervju, referanseinnhenting og innstilling følgjer faste rutinar. Representant frå dei tilsette deltek i vurderingane, og det skal liggje føre fagleg grunngjeving for tilrådd kandidat.

Gjennom open og strukturert praksis, med involvering av tillitsvalde og klare krav til

dokumentasjon, sikrar kommunen at ingen stillingar blir skreddarsydde, og at alle kvalifiserte søkjarar har reell moglegheit til å søkje.

2. Ansettelsesprosess og kriterier

2.1. Ved omstilling følgjer Kinn kommune retningslinene for endring av arbeidsoppgåver og tenestestad ved omstilling og overtall. Når ei stilling blir ledig, skal ansvarleg leiar melde dette inn, og kommuneleiargruppa vurderer om stillinga skal lysast ut internt eller eksternt. Før eventuell utlysing blir det alltid vurdert om det finst overtallige tilsette med fortrinnsrett. Fortrinnsrett gjeld stillingar den tilsette er kvalifisert for, og vurderinga skjer i tråd med

kommunens rutine for handtering av overtallige og gjeldande lov- og avtaleverk.

Dersom stillinga blir lyst ut, følgjer prosessen kommunen si prosedyre for tilsetting.

Utlysingane er offentlege og baserte på reelle tenestebehov. Kvalifikasjonsprinsippet ligg alltid til grunn, og vurderingane skal vere saklege og etterprøvbare.

2.2. Geografisk plassering av stillingar i Kinn kommune skjer med utgangspunkt i tenestebehov, organisering, ressursgrunnlag og økonomiske rammer. For stillingar knytte til konkrete einingar – som skular, barnehagar og institusjonar – vil arbeidsstad vere fast definert, og dette blir tydeleg oppgitt i utlysinga. Dette sikrar effektiv bruk av ressursar og samsvar mellom personell og drift. Ved administrative stillingar, særleg i sentraladministrasjonen, kan det i nokre tilfelle opnast for kontorstad anten i Florø eller Måløy. Dette blir vurdert ut frå ei heilskapleg vurdering av kapasitet, behov for fysisk tilgjenge, samhandling og kostnadseffektivitet. Der fleksibilitet er mogleg innanfor driftsrammene, blir det presisert i utlysinga – med informasjon om at reise må pårekast. Slik blir stillinga gjort aktuell for fleire kvalifiserte søkjarar, noko som styrkar rekrutteringsgrunnlaget.

Alle vurderingar av arbeidsstad og geografisk plassering skjer på sakleg og fagleg grunnlag, og i tråd med kommunen si prosedyre for tilsetting. Kvalifikasjonsprinsippet ligg til grunn for alle tilsetjingar – og kommunen ønskjer til ei kvar tid å rekruttere dei best kvalifiserte kandidatane, uavhengig av geografisk tilhøyrle.

2.3. Korleis blir vurderingane dokumentert og offentleggjorde?

Alle vurderingar i tilsettingsprosessen blir dokumenterte i Webcruiter gjennom søkarlister, intervju og referansevurderingar. Offentleg søkarliste blir utarbeidd i tråd med offentleglova.

Kinn kommune følgjer kvalifikasjonsprinsippet i alle tilsetjingar – det er den best kvalifiserte søkjaren som skal tilsetjast. Arbeidsstad blir fastsett ut frå tenestebehov. For dei fleste stillingar er dette klart definert og kan ikkje fravikast. I enkelte administrative stillingar kan både Florø og Måløy vere aktuelle kontorstader, og dette vert opplyst i utlysinga. Ved slike utlysingar blir søkjarar vurderte ut frå kompetanse, ikkje geografisk tilhøyrle.

3. Evaluering og oppfølging

3.1. Kinn kommune har ikkje gjennomført ei samla evaluering av alle tilsettingsprosessar, men vi har etablert gode rutinar for kontinuerleg oppfølging og rettleiing. Personalavdelinga gir støtte til leiarar i alle fasar av rekrutteringsprosessen, og det er tett samarbeid med tillitsvalde – både ved behovsvurdering og undervegs i tilsettingsprosessen. Dette bidreg til at prosessane er transparente og etterprøvbare. Dersom tillitsvalde har motførestillingar, blir desse tekne opp og vurderte før vedtak blir gjort.

Etter at Utdanningsforbundet reiste spørsmål om mogleg skreddarsaum i stillingsutlysingar, har vi gått gjennom alle utlyste leiarstillingar knytt til undervisning i perioden 2022 til i dag – totalt 17 stillingar (rektor, assisterande rektor og inspektør). Gjennomgangen har ikkje avdekt forhold som tilseier at stillingane har vore skreddarsydde eller i strid med regelverk og etablerte rutinar. Det kan likevel ikkje utelukkast at det i nokre tilfelle har vore stilt relativt strenge eller snevre krav, til dømes innan fagbakgrunn eller erfaring, og at desse kunne vore betre grunngjevne i utlysinga. Kommunen arbeider kontinuerleg med å forbetre og vidareutvikle praksis for rekruttering, og vi legg kvalifikasjonsprinsippet, openheit og god forvaltningsskikk til grunn i alle tilsetjingar.


Kinn kommune er opptatt av tillit, openheit og reell konkurranse om stillingar – og ønskjer til ei kvar tid å tiltrekke seg dei best kvalifiserte søkjarane.

KOST- 013/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/25	Kommunestyret	12.06.2025

Spørsmål - Utvikling av kommunale stillinger 2020 - i dag

KOST- 014/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Spørsmål frå UAH v/repr. Hagen - Utvikling av kommunale stillingar 2020 - i dag:

I lys av kommunesammenslåingen og intensjonsavtalen som ble inngått i forkant, ber vi om informasjon knyttet til utviklingen i kommunens organisasjon etter sammenslåingen. Vi ber spesielt om svar på følgende:

1: Oversikt over kommunale arbeidsplasser etter sammenslåingen:
Hvor mange kommunale arbeidsplasser har det vært i kommunen årlig siden sammenslåingen?
Hvordan er disse arbeidsplassene fordelt geografisk per i dag?
Hvilke endringer har skjedd i fordelingen av arbeidsplasser (økning, reduksjon, flytting) siden sammenslåingen?

2: Fordeling av lederstillinger:
Hvor mange lederstillinger finnes i kommunen i dag, og hvordan er disse fordelt geografisk?
Hvordan har utviklingen i lederstillinger vært siden sammenslåingen, både totalt og fordelt på ulike deler av kommunen?
I hvilken grad er intensjonsavtalens mål om balansert geografisk fordeling av ledelse og administrasjon ivarett?

3. Oppfølging av intensjonsavtalen:
Hvordan har kommunen fulgt opp intensjonsavtalens punkter om fordeling og lokalisering av arbeidsplasser, tjenester og ledelse?
Hvilke konkrete tiltak er iverksatt for å sikre at intensjonsavtalen etterleves?
Har det vært gjennomført evalueringer av måloppnåelse i tråd med intensjonsavtalen?

Hvis ja, ber vi om å få tilsendt disse.

Vi ber om at svarene inkluderer konkrete tall, vurderinger og eventuell dokumentasjon.

Svar frå ordførar:

Notat med svar og tabellar ligg som vedlegg til saka.

1. Tabellen i vedlegget viser årsverk same geografiske fordeling mellom mellom Florø og Måløy for tenester og funksjonar som er geografisk delt i 2024 som i 2020. Årsverk for stadsavhengige tenester, som skular, barnehage og omsorgstenester, er ikkje med her. Denne viser at fordeling mellom Florø og Måløy er nesten identisk mellom Florø og Måløy. Det har likevel skjedd endringar underveg, td. var det ved utgangen av 2024 3 fleire i planavdeling i Florø enn på sammenslåingstidspunktet. Dette heng saman med at dei best kvalifiserte hadde denne adressa.

2. Tabellen i vedlegget viser bustadadresse til leiarstillingane (kommunedirektør, kommunalsjef og tenesteleiarar). Som vist i tabellen har ein noko høgare andel leiarstillingar for leiarar med «lokalisering» i Måløy enn i Florø. Leiarane må utøve leiarskapen på tvers geografisk avstand. Likevel er andel toppleiarar høgare fra Florø. Det har vore nokre endringar i leiarkorpset, slik som at kulturleiarer har sitt utgangspunkt i Florø og helseleiarer har sitt utgangspunkt fra Måløy. Vi har også leiar på ulikt nivå som har bustad i Bremanger og Stad.

3. Intensjonsavtalen:

Flora og Måløy skal ha delt kommunesenterfunksjon. Talet på administrative arbeidsplassar/rådhusfunksjonar i Måløy og Florø skal forholdsmessig vere som før samanslåinga.

- Det skal etablerast éin administrasjon med desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt
- Spesialiserte fagfunksjonar som har ute-funksjon (t.d. helsestasjon og barnevern), skal lokaliserast i dagens kommunehus
- Servicetorga skal hjelpe innbyggjarane innan dei mest etterspurde tenestene og kunne bli nytta til mogeleg «næringspark» med privat og offentlig tenesteyting
- Tilsette skal kunne kople seg på uavhengig av stad, klient og teknologi
- Det skal vere fleksibilitet og mobilitet uavhengig av organisatorisk plassering og tverrfaglege einingar på administrativt nivå på tvers av profesjonsgrenser
- Kompetanseoppbygginga skal systematiserast for alle ledd i organisasjonen
- Kommunen skal utvikle sterke fagmiljø på område som samfunnsplanlegging, oppvekst, helse og omsorg og kultur


Som tala i tabellen viser er forholdstala godt fordelt mellom Florø og Måløy. Sjølv om det har skjedd ein reduksjon i tal årsverk på 40 i denne perioden for stillingane som er teke med, er forholdstalet godt ivareteke i høve intensjonsavtalen. Leiarmøter blir bytta mellom Florø og Måløy så langt det let seg gjera med omsyn på andre arbeidsreiser, andre møter m.v. Det er utstrakt kontakt mellom kommunedelane med jamlege møter, og ein byttar på fysisk oppmøte og teams, både innad i sektorane og mellom sektorane. Toppleiarane har mange eksterne oppgaver og møter slik at fysisk oppmøte på kontora i Måløy og Florø varierer. Vi opplever at vi har fordeler med rekruttering fleire bu- og arbeidsmarknader. Dette gjer at vi får breiare kompetansegrunnlag og kanskje også fleire søkjarar.

KOST- 014/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
015/25	Kommunestyret	12.06.2025

Spørsmål - Menn i Helse

KOST- 015/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Spørsmål frå Raudt v/repr. Tveranger - Menn i Helse

Kinn Kommune er med i prosjektet Menn i Helse, noko som er eit flott tiltak for å rekruttere fleire til å jobbe innan Helsesektoren.

Vi ønsker svar på følgjande spørsmål:

1. Er det slik at tilsette som jobbar innanfor Helse i Kinn kommune må bruke 5 år med praksis for å gå opp til Fagprøve? Om så er, kvifor får ikkje dei det same tilbodet som Menn i Helse, der dei kan ta Fagbrev innan 2 år?

2. Menn i Helse er garantert jobb om dei fullfører Fagprøva. Er det slik at dei då prioriterast før tilsette som allereie jobbar i Kinn Kommune ved tilsetting? Då dei som ikkje har tatt Fagprøve som Helse og Omsorgsarbeidere?

3. Gir all tidlegare arbeidserfaring lønnsannsnitet for tilsette til dei som ikkje er med i programmet Menn i helse i Kinn Kommune?

Svar frå ordførar:

1. Det er riktig at deltakarane i «Menn i helse» kan ta fagbrev på 2-3 år. Dette er eit komprimert løp for menn som av ulike årsaker står utanfor arbeidslivet, og har ytingar frå NAV.

Kort skissert utdanningsløp:

Første år:

- startar med 3 mnd praksis for at deltakarane skal få innblikk i arbeidet og sjå om det er aktuelt.
- Deretter får dei lønna sommarjobb i kommunen.
- Deretter eit halvt år med teori der dei tar Vg1 helse og oppvekstfag på fulltid.

Andre år:

- Halvt år med Vg2 på fulltid
- Deretter lønna sommarjobb i kommunen
- Siste halvåret får deltakaren lærekontrakt

Tredje år:

- Siste år er deltakaren lærling heie året, og tek fagprøve haust/vinter. Lærlingtida kan også bli forlenga.

Dei som er ufaglærte og fast tilsett som assistent i kommunen, tek helsefagarbeidar utdanning som praksiskandidater,- der er kravet 5 års praksis. Dei jobber fulltid, og tar fag etter kvart som privatister der det er eigenstudie (digital uv.ved Tirna (AOF) ein ettermiddag i veka. . Dette er eit offentleg løp som kommunen ikkje kan styre. Dei har ikkje noko formell undervisning frå lærarar ved vidaregåande skule slik som deltakarane i «menn i helse» har i eit heilt skuleår.

Det er også andre ulike løp for å bli helsefagarbeider, til saman i 2024 hadde Kinn kommune 82 kandidater i ulike utdanningsløp.

- Helsefaglærling som har tatt 2 år på vidaregåande skule
- YSK lærlingar som har integrert undervisning og opplæring i praksis
- Nokre tek modulstrukturert opplæring (gjennom vidaregåande skule) som vert individuelt tilpassa den enkelte sine forkunnskap.
- Gloppen modellen
- Fagbrev på jobb

2. Ingen er garantert fast jobb når dei fullfører fagprøva. Dei må søke på ledig stilling som alle andre.

3. Ja dei som har tiltredningsdato etter 1. mai 2022 får all arbeidserfaring godskrevet. For dei som hadde tiltredningsdato før 1 mai 2022:

Ved tilsetting i stilling utan særskilt krav til utdanning godskrivas all tidlegare privat og offentleg teneste i lønnsansienniteten. Som privat teneste reknast også arbeid i heimen med inntil 6 år.


Ved tilsetting i anna stilling godskrivas offentleg teneste fullt ut. I tillegg godskrivas lønnsansiennitet for tidlegare privat teneste som er av betydning for stillinga. Dette punktet gjelder også der det har vært avbrudd i tenesta.

KOST- 015/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgeskriv



Saksnr.	Utval	Møtedato
069/25	Kommunestyret	12.06.2025

Orientering frå ungdommens kommunestyre

KOST- 069/25 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:


Ungdomsorsfører Vilde Johannesen orienterer kort.

Ungdommens kommunestyre er ferdig for sesongen. Vil takke for seg, då det skal velgast nytt ungdommens kommunestyre i haust, og ny ungdomsordfører.

Ordfører takkar ungdomsordfører for innsatsen og arbeidet.

KOST- 069/25 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
070/25	Kommunestyret	12.06.2025

Orienteringar

KOST- 070/25 Vedtak:

Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Formannskapet bestilte ei orientering om 1. tertialrapport i kommunestyret.
Kommunalsjef Nipen orienterer og svarer på spørsmål.
Presentasjon vert lagt ved som vedlegg i sak 078/25.

KOST- 070/25 Vedtak:

Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.



Saksnr.	Utval	Møtedato
071/25	Kommunestyret	12.06.2025

Refererte skriv og meldingar

KOST- 071/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

RS 016/25 Kinn kontrollutval

Leiar i kontrollutvalet, Kjell Heggen informerer:

Det vart gjort vedtak i kommunestyret for to år sidan vedrørende forvaltningsrevisjonsrapporten - arbeidsmiljø i oppvekstsektoren, og kommunestyret tilførte tre nye punkt. Kontrollutvalet har fått status, men det manglar eit punkt: Årleg rapport etter paragraf 13 e i opplæringslova som seie det skal vere årleg rapport. Kommunestyret vedtok at det skulle rapporterast to gonger i året, det har ikkje blitt gjort.

Kontrollutvalet skal påsjå at vedtak er gjennomført, men kommunedirektøren skal følgje det opp, jf. kommunelova §23.1 4. ledd. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren følgje opp dette.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 071/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:


016/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 21.05.2025

017/25, Møtebok styremøte Vestland Revisjon KO 13.05.2025

018/25, Innspel til tilskot frå Kinn kommune til Kinn kyrkjelege fellesråd 2026 - drift og investering

019/25, Gjennomgang av dei store prosjekta

020/25, Melding om endring av varaliste for Kinn Høgre i kommunestyret



Saksnr.	Utval	Møtedato
076/25	Formannskapet	10.06.2025
072/25	Kommunestyret	12.06.2025

Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og Årsmelding 2024

KOST- 072/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2024. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 11.04.2025 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 21.05.2025 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 022/25:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2024 for Bordgleder KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2024 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 2.584.763 og eit negativt resultat til inndecking i seinare år på kr 184.742.

Investeringsrekneskap 2024 er gjort opp med eit udekka beløp på kr 94.800.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2024 er gjort opp med meirforbruk. Disposisjonsfond per 31.12.2024 utgjør kr 0.

Akkumulert udekka investering på kr 123.763 og udekka drift på kr 184.742 skal dekkast inn i budsjett 2025.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 072/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 076/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:


Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap 2024

Bordgleder - årsmelding 2024

Uttale om årsrekneskapen 2024 - Bordgleder KF

Melding om vedtak: Bordgleder KF - rekneskap og årsmelding 2024

Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
077/25	Formannskapet	10.06.2025
073/25	Kommunestyret	12.06.2025

Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2024

KOST- 073/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Florø hamn Kinn kommune KF per 31.12.2024.

Florø Hamn Kinn kommune KF er vertsføretak for det interkommunale hamneføretaket Alden Hamneområde. Denne rekneskapen inngår i rekneskapen til Florø Hamn Kinn kommune KF. Det vert avlagt særskild rekneskapen for Alden Hamneområde si verksemd, med eiga årsmelding, og eiga revisjonsmelding. Lov om hamner og farvatn av 01.01.2020 (havne- og farvannsloven) definerer kva som høyrer til hamnekapitalen og kva hamnekapitalen kan nyttast til jf. § 32. Kommunen skal halde inntekter og kapital adskild frå anna verksemd jf §32 2. ledd.

Revisor har lagt fram revisjonsberetning utan atterhald datert 14.04.2025 for Florø hamn

Kinn kommune KF, og revisjonsberetning utan atterhald datert 25.05.2025 for Alden hamneområde.

Kinn kontrollutval har i møte 21.05.2025 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 025/25:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2024 for Florø Hamn KF.

Vurderingar:

Den samla rekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF for 2024 viser eit netto driftsresultat på kr 601.363 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Særrekneskap for Alden hamneområde viser eit negativt netto driftsresultat på kr 428.412 som er dekkja inn ved bruk av bundet driftsfond Alden hamneområde.

Økonomiske konsekvensar:

Den samla årsrekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF for 2024 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2023 utgjer kr 20.243.729.

Bundet driftsfond som gjeld særrekneskap for Alden Hamneområde utgjer pr. 31.12.24 kr. 2.007.801.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 073/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


FORM- 077/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap 2024

Florø hamn - Alden hamneområde særrekneskap 2024
Florø hamn - Årsmelding 2024
Melding fra uavhengig revisor - årsrekneskapen 2024 for Florø Hamn Kinn kommune KF
Revisjonsmelding Alden hamneområde 2024
Melding om vedtak: Florø Hamn KF - rekneskap og årsmelding 2024
Årsrekneskap og årsmelding Florø hamn Kinn kommune KF 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
078/25	Formannskapet	10.06.2025
074/25	Kommunestyret	12.06.2025

Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2024

KOST- 074/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Havhesten Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Havhesten Kinn kommune KF per 31.12.2024. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 14.04.2025 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 21.05.2025 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 021/25:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2024 for Havhesten KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2024 viser eit netto driftsresultat på kr 56.144 og eit resultat i

balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit meirforbruk på kr 9.313 knytt til eigenkapitalinnskudd i KLP. Må dekkast inn i 2025.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2024 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2024 utgjør kr 2.801.761.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Styreleiar Anders Ole Sunnarvik orienterte om saka.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 074/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 078/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap 2024
Havhesten - Notat frå styret til rekneskap 2024
Havhesten - Årsmelding 2024
Revisjonsmelding Havhesten Kinn kommune KF
Melding om vedtak: Havhesten KF - rekneskap og årsmelding 2024
Årsrekneskap 2024 med uttale frå leiinga og årsmelding 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
075/25	Kommunestyret	12.06.2025

Havhesten Kinn kommune KF - Endring i budsjett 2025 - Finanskostnader

KOST- 075/25 Vedtak:

Endringar i budsjettet for 2025, grunna utbetaling av resterande spelemidlar, vert vedteke slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Endringar i budsjettet for 2025, grunna utbetaling av resterande spelemidlar, vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Spelemidlar skulle i sin heilheit vert utbetalt i 2023/24, men resterande beløp blir først utbetalt juli/august 2025. Dermed endrar rente- og avdragsbeløpet seg for 2025.

Beløpet er endra i budsjettet for 2025 til kr 2 148 419.

Forutsatt at spelemidlar vert utbetalt til sommaren 2025, vert finanskostnader kr 2 148 419.

Vedtak i styret 14.05: Styret i Havhesten Kinn kommune KF er samde om endringar i budsjettet for 2025.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 075/25 Vedtak:

Endringar i budsjettet for 2025, grunna utbetaling av resterande spelemidlar, vert vedteke slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

Forskriftsskjema til sak om revidert budsjett 2025 - Havhesten Kinn kommune KF
Havhesten Kinn kommune KF - budsjett 2025 - revidert



Kinn kommune

Arkiv: FE-210
JournalpostID: 25/24587
Sakshandsamar: Norvall Bakke
Dato: 28.05.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/25	Formannskapet	10.06.2025
076/25	Kommunestyret	12.06.2025

Kinn utdannings og ressurscenter KF - Årsrekneskap og årsmelding 2024

KOST- 076/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn utdannings og ressurscenter KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn utdannings og ressurscenter KF per 31.12.2024. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 11.04.2025 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 21.05.2024 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 019/25:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2024 for Kinn utdannings- og

ressurssenter KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2024 viser eit netto driftsresultat på kr 16.294.347 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2024 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2024 utgjør kr 38.745.979.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Styreleiar Bjarne Holme orientererer kort om saka.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 076/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kinn utdannings og ressurssenter KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 079/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2024 for Kinn utdannings og ressurssenter KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Kinn utdannings og ressurssenter KF - Årsrekneskap 2024


Kinn utdannings og ressurssenter KF - årsmelding 2024

Uttale om årsrekneskapen 2024 - Kinn utdannings- og ressurssenter KF

Melding om vedtak Kinn utdannings- og ressurssenter KF - rekneskap og årsmelding 2024

Årsmelding og -rekneskap 2024

Resultat og nøkkeltal 2024_Tillegg til årsmelding



Saksnr.	Utval	Møtedato
081/25	Formannskapet	10.06.2025
077/25	Kommunestyret	12.06.2025

Kinn kommune - årsrekneskap og årsrapport 2024

KOST- 077/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2024 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2024 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsrapport 2024 for Kinn kommune slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn kommune er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I tråd med kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsåret er slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn kommune per 31.12.2024. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 15.04.2025 utan atterhald eller merknad. Kontrollutvalet har i sak 23/25, i møte 22.05.2025, fatta følgjande vedtak:

«Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2024 datert 15.04.2025.
2. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2024 for Kinn kommune.
3. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga»

Vurderingar:

3. Foreslår at både Måløy og Florø nevnes i første avsnitt, og at setningen endres slik: "Det er eit sentralt mål at Kinn er attraktiv for statleg og regional etablering av offentlege tenester, noko det er eit stort potensial for i både Måløy og Florø" Og at det tredje kulepunktet endres til: "Styrka tettstadar og byane våre"

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 01.04.2025

Formannskapet vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi ut til offentlig ettersyn frå 4. april til 15. mai.

Dersom ein ser på funna i NIBR-rapporten i lokalt perspektiv, ser ein også viktigheita av samhandling mellom senter og omland, eller mellom by og bygd.

Bygdene i Kinn er av ulik storleik, nokre er på fastlandet og nokre er på øyar. Dei to

byane i Kinn og bygdene rundt er, som rapporten seier, avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Florø og Måløy fungerer i stor grad som knutepunkt, der tenestetilbod, næringsliv, handel og arbeidsplassar er samla. Folk frå bygdene reiser til byane for arbeid, utdanning eller spesialiserte tenester som helse- og kulturtilbod. Samtidig er bygdene viktige for byane ved at dei m.a. kan ha arbeidsplassar, flotte landlege bustadmoglegheiter, natur-, friluft- og kulturaktivitetar, råvarer, mat og naturressursar som byane er avhengig av. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 03.04.2025

Formannskapet utset handsaminga av Samfunnsdelen av kommuneplanen i påvente av handsaming av skulestrukturplanen.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Formannskapet vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist 15. september.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til *Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi* ut til offentlig ettersyn frå 4. april til 15. mai.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak KOST-056/23 den 25.05.2023 [Planstrategi og planprogram for revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen i Kinn](#).

Planprogrammet er lagt til grunn for arbeidet med ny samfunnsdel.

Planutkastet vart første gang fremja for offentlig ettersyn i november 2023 – formannskapet sak 133/23. Handsaming av planen vart utsett og det vart vedteke føringar for vidare arbeid:

Handsaming av kommuneplanens samfunnsdel og planstrategi vert utsett. Før ny handsaming skal følgende innarbeidast som viktige føringar i planen: Planen skal ha som eit av sine hovudmål, samt synleggjere tiltak for å auke folketalet i kommunen i åra framover. Planen skal synleggjere kva tiltak som må gjerast for å auke tal arbeidsplassar, samt bidra til auka bustadattraktivitet og rekruttering til kommunen og næringslivet. Planen skal legge til grunn at det skal utarbeidast ein nærings- og vekststrategi for Kinn kommune. Næringssekskapa Aksello, Flora Industri- og næringsforening og Måløy Vekst, samt Byen vår Florø og Måløy Byforening vert bedt om innspel til tematikk, innhald og prosess for utarbeiding av strategien. Planen skal ta omsyn til vedtekne føringar i handsaminga av økonomiplan og handlingsprogram 2024- 2027.

Vedtaket vart følgt opp og planen vart lagt fram for vedtak om utlegging til offentlig ettersyn i sak 083/24 i kommunestyremøte den 13.06.2024. Planen finn du [her](#).

Planen låg ute til høyring i perioden 01.08.2024 – 30.09.2024.

Det kom inn 7 merknader frå offentlege høyringsinstansar, 22 merknader frå lag og organisasjonar, 331 personar har signert på innbyggjarforslag om å behalde Raudeberg skule og 33 innspel frå privatpersonar.

Merknader og vurdering av desse vart lagt fram for formannskapet i [sak 112/24](#) den 26.11.2024 med tilråding om å gjere endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar i saka*. Formannskapet vedtok å utsette saka og det vart lagt følgjande føringar for vidare arbeid:

Samfunnsdelen til kommuneplanen må ha tydelegare ambisjonar for kva ein forventar av statleg og regional mynde, og korleis ein vil posisjonere Kinn kommune som eit tyngdepunkt på Vestlandet. Dette må integrerast i planen før denne kan vedtakast. Saka blir difor utsett.

Kommunedirektøren gjennomførte endringar for å ha tydelegare ambisjonar for kva ein forventar av statleg og regional mynde, og korleis ein vil posisjonere Kinn kommune som eit tyngdepunkt på Vestlandet slik formannskapet vedtok i sak 112/24. Dette arbeidet vart lagt fram for formannskapet i sak 33/25 den 04.03.2025. Formannskapet gjorde slikt vedtak:

1. Formannskapet drøftar innspel til nytt kapittel, nye mål og til næringspolitisk dokument (vedlegg).
2. Kommuneplanen sin samfunnsdel, nytt høringsdokument vert lagt fram til 2. gang høyring i formannskapsmøte 3. april.

Venstre la i møtet fram ei liste med framlegg til endringar i samfunnsdelen.

Kommunedirektøren legg fram utkast til *Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi* for vedtak om 2. gong offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren har utarbeidd eit nytt utkast til *Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi*, med følgjande endringar etter 1. offentlege ettersyn:

- endringar som oppsummert i kapittelet *Vurderingar i saka* i sak [112/24 den 26.11.2024](#) (Endringar som følgje av innspel ved 1. offentlege ettersyn) med unntak av punkt 15 om skulestruktur
 - 1. Nytt punkt 13 i arealstrategien: Hamner og næringsareal med sjøtilgang skal ha god tilknytning til infrastruktur på land.
 - 2. Punkt 4 får endra formulering frå bør til skal. Utbygging av strandsona skal skje mest mogleg konsentrert.
 - 3. Planstrategien vert oppdatert med årleg revisjon av overordna beredskapsplan.
 - 4. Planstrategien vert oppdatert med revisjon av heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse i 2027.
 - 5. I planstrategien blir temaplan for klima, berekraft og miljø tatt ut.
 - 6. I planstrategien blir følgjande tatt inn: Det blir utarbeidd kunnskapsgrunnlag for klima, berekraft og miljø som grunnlag for ny planstrategi.
 - 7. I planstrategien blir følgjande tatt inn: Ved revisjon av kommunedelplanar skal ein vurdere om reguleringsplanar innanfor planområdet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.
 - 8. I planstrategien blir Strategisk handlingsplan for forvaltning av bygg, anlegg og eigedomar. Følgjande tekst blir lagt til delmålet om effektiv drift av formålsbygg; Vi har ei berekraftig forvaltning av bygningsmassen, slik at verdien av bygga blir oppretthalde.
 - 9. Under kapittelet Slik vil vi ha det i 2032-2042 vert det lagt til ei setning om levande distrikt: Vi har livande og samskapande nabolag og grender i heile Kinn.
 - 10. Kap. 2.6 (no 2.5) vert oppdatert med nye tal for økonomisk omstilling i tråd med vedteken økonomiplan og prognosar for omstilling.
 - 11. Eigenberedskap Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) tilrår no at flest mogleg er førebudd på å klare seg sjølv i ei veke. (Endring frå 3 dagar). Forklaringa til delmålet Vi skal vere ein pådrivar for at innbyggjarane sikrar eigen eigedom og har beredskap for uønskte hendingar. vert endra i tråd med ny tilråding frå DSB. Ny tekst: Vi skal · arbeide kontinuerleg med å gje råd til innbyggjarar om eigenberedskap og kva forventningar norske myndigheiter har til dei både når det gjeld sikring av seg sjølv (klare seg sjølv i 7 dagar) og eigedom · etablere lager med sandsekkar for å gjere innbyggjarar i betre stand til å sikre eigedomane sine mot flaum · arbeide målretta med sårbare/risikoutsette grupper i samfunnet for å syte for at også desse er betre rusta i møte med uønskte hendingar.
 - 12. Til målet; Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserer og sikrar lokal verdiskaping og utvikling. Blir det lagt til følgjande setning: Kinn kommune arbeider for å nå dei nasjonale klimamåla om å redusere klimagassar med 50% innan 2030. Følgjande tekst blir lagt til omtalen:
 - Noregs klimamål for 2030 om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 pst. innan 2030, samanlikna med 1990. ·

Noreg har i lov om klimamål (klimaloven) lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Klimaloven slår fast at målet skal vere at klimagassutsleppa blir reduserte i storleiksorden 90–95 pst. jamført med utsleppsnivået i referanseåret 1990.

- 13. Til målet: Vi har ein berekraftig arealstrategi blir det lagt til tre nye punkt under oppdraget med utarbeiding av prosesskrav: - lokal verdiskaping, energivurdering og finansieringsevne.
- 14. Til delmålet; vi er nøysame og vurderer bruk av areal blir følgande setning lagt til: Kinn kommune er positiv til å inngå i prosessar som handlar om vern og sikring av naturressursar.
- 15. Det vert lagt inn tekst og økonomiplantiltak i tråd med følgjande skulestrukturtiltak: · Stavang skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2025, og elevane vert overført til Florø barneskule, alternativt Eikefjord barne- og ungdomsskule. · Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. · Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane.
- 16. Oppdraget «Vi skal ta stilling til ev. skulestrukturtiltak som kan sikre ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.» vert endra til :Vi gjennomfører skulestrukturtiltak som sikrar ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.

Endringar som følgje av [formannskapssak 33/25 den 04.03.2025](#)

Vurderingar:

Konklusjon

Kommunedirektøren rår formannskapet til å leggje revidert samfunnsdel til kommuneplanen ut til 2. gong offentleg høyring. [Her er link til nytt utkast.](#) Gjennom kommuneplanane til Kinn (samfunnsdel og arealdel) har Kinn kommune bygd og synleggjort store utviklingsmoglegheiter. Arealdelen gir retning for næringsvekst og viser utviklingsrom for bustader i sentrum og i distrikta. For næringslivet er omstilling også viktig. Planane tek omsyn til klima, naturmangfald og miljø og har tiltak for ei berekraftig utvikling, samstundes som vi legg til rette for å sikre arbeidsplassar og auka lokal verdiskaping. Samfunnsdelen viser utviklingspolitikk som tek omsyn til dei demografiske utfordringane med fleire eldre og økonomisk berekraftige tenester.

Vurdering knytt til endringar etter 1. offentlege ettersyn

I formannskapssak [112/24](#) den 26.11.2024 er det ei kort oppsummering av hovudtema det kom innspel på ved 1. offentlege ettersyn. I same sak er dei skriftlege innspela til planen vurdert i eit vedlagt notat og det er gitt ei samla vurdering knytt til næring og arealstrategi, bygd versus by, skulestruktur og langsiktige utfordringar for omsorgstenestene. Innspel og vedlegg til saka finn du i [møteplanen](#) for dette møtet. Det er utarbeidd eit [næringspolitisk dokument](#) som på viktige område supplerer, utfyller og oppsummerer tidlegare utarbeidde grunnlag for planarbeidet. Dokumenter er også utarbeidd for å tydeleggjere ambisjonar for kva ein forventar av statleg og regional mynde, og korleis ein vil posisjonere Kinn kommune som eit tyngdepunkt på Vestlandet slik formannskapet har vedteke i sak 112/24. Med bakgrunn i dette dokumentet er det formulert eit nytt kapittel og nye mål. Dokumentet og framlegg til nytt kapittel og nye mål var handsama i formannskapssak [33/25 den 04.03.2025](#).

Våren 2025 er det utarbeidd rapporten [Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar](#) med bakgrunn i punkt 3 i vedtaket i Kommunestyret i sak [151/24 16. desember](#). Utgreiinga er vedlagt samfunnsplanen og vert teken stilling til etter offentleg høyring. Rapporten seier noko om situasjonen i dag og om mogleg utvikling.

I Kinn er byane Florø og Måløy knutepunkt. Desse sentrumsområda fungerer som knutepunkt ved at dei har samla publikumsretta private og offentlege tenestetilbod innanfor relativt korte avstandar. Her snakkar vi gjerne om «10-minuttsbyen». Byane Måløy og Florø og bygdene i Kinn er avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Kinn kommune har eit stort behov for omstilling, for at kommunen ikkje skal hamne i ein problematisk underskotssituasjon. Dette handlar også om å vere ein attraktiv kommune. Samfunnsdelen til kommuneplanen har målsettingar og tiltak for å møte det store omstillingsbehovet for kommunen.

I Kinn kommune har talet på barn i barneskule gått ned dei siste åra, og framtidige prognosar viser negativ elevtalsutvikling. Om få år kan det vere om lag 200 færre barn i barneskulane våre. Samtidig viser framtidig demografi at tal eldre aukar kraftig.

Det er ulik bruk av skulebygga etter skule- og SFO-tid, noko som er tatt med i vurderinga. Fritidsaktivitetar er i større grad enn tidlegare frikopla frå nærskulen. Barn og unge deltek i fritidsaktivitetar og knyter kjennskap på tvers av skulekrinsane. Både i Måløy- og Florødelen vil endringar i skulestrukturen føre til at fleire må ha skuleskyss, men mange vil framleis kunne gå eller sykle til skulen. Nye skyssmåtar vil vere innanfor det som er definert som akseptabel reisetid, og elevane sin rett til lek og fritid vil i liten grad verte råka. Endring i skulestrukturen vil også mest sannsynleg gje eit betre kollektivtilbod i nokre av områda, utanom i skuleferiane.

Dersom det blir gjort vedtak som inneber skulebyte, vil det vere ei omstilling som må sikrast med gode overgangsprosessar for dei borna det gjeld. Det må vurderast om tiltak for å sikre trygg skuleveg må gjennomførast.

I skulen ser ein at det kan bli ei utfordring å rekruttere lærarar mellom anna pga. at det vert utdanna færre lærarar, og at utdanninga er meir fagspesifikk med auka kompetansekrav med profesjonsfelleskap som også tek i vare kravet til tverrfagleg samarbeid. Vi må kunne tilby større moglegheit for å undervise i faga dei har kompetanse i. Områdeplanen legg til rette for læringsmiljø og undervisningsareal tilpassa moderne pedagogiske prinsipp for undervisning. Dette krev ei endring i strukturen ved at vi kan prioritere færre skulebygg som må oppgraderast og vedlikehaldast.

Om lag halvparten av kapasiteten i skulebygga våre vert utnytta. Samtidig er det eit stort vedlikehaldsetterslep på enkelte av skulebygga. Kinn kommune har høg gjeld og må ta omsyn til dette ved val av alternativ.

Forsking viser ein svak samanheng mellom kvalitet i skulen og storleik på skulen. Verken trivsel på skulen eller mobbing kan forklarast ut frå storleiken på skulen. Det finst heller ikkje forsking som seier at flytting av elevar fører til dårlegare læringsresultat.

Dersom ein ikkje gjennomfører tiltak kan ein kome i ein situasjon der Kinn kommune har ein økonomiplan som ikkje er i samsvar med kommunelova §14-1 om økonomisk bereevne. Økonomiplanen har vedteke nedtrekk i rammene til grunnskule som ikkje kan gjennomførast utan at drifta vert i strid med opplæringslova, dersom alle skulane skal oppretthaldast.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Enstemmig vedtak fra Helse, sosial og omsorgsutvalget., foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti

Distriktene er for lite belyst i Samfunnsdelen til kommuneplanen.

HSO ber om at ein belyser betre korleis ein skal inkludere forebyggende tiltak (opp til innsatstrapp nr.3) i distrikta, slik at eldre kan trives og bu lenger heime. Dette innebærer blant annet tiltak som samarbeid med Merkur butikkene/satsing på Merkur avtalen, strukturert samarbeid med frivillige, grendelag, pensjonistlag, leve hele livet ute i distriktene og gode kollektivtilbud. Vi stiller oss og spørrende til om begrepet "10 minutters byen" - og om dette bør omdefineres til " 10 minutter senter/sentrum".

Tillegg - vedtak frå oppvekst og kulturutvalet, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

Tillegg i Kap 1.0 Kommunenplanen kort oppsummert
avsnitt Kva er det viktigaste?

Samhandling mellom senter og omland, eller mellom by og bygd, er viktig. Bygdene i Kinn er av ulik storleik, nokre er på fastlandet og nokre er på øyar. Dei to byane i Kinn

og bygdene rundt er avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Florø og Måløy fungerer i stor grad som knutepunkt, der tenestetilbod, næringsliv, handel og arbeidsplassar er samla. Folk frå bygdene reiser til byane for arbeid, utdanning eller spesialiserte tenester som helse- og kulturtilbod. Samtidig er bygdene viktige for byane ved at dei kan ha arbeidsplassar, flotte landlege bustadmoglegheiter, natur-, friluft- og kulturaktivitetar, råvarer, mat og naturressursar som byane er avhengig av. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Endring pkt 1.2, foreslått av Ørjan Kvalheim, Kinn HøgreUavhengig
Foreslår at både Måløy og Florø nevnes i første avsnitt, og at setningen endres slik: "Det er eit sentralt mål at Kinn er attraktiv for statleg og regional etablering av offentlege tenester, noko det er eit stort potensial for i både Måløy og Florø"
Og at det tredje kulepunktet endres til: "Styrka tettstadar og byane våre"

Røysting:

Framlegg frå SP v/repr. Halsne samrøystes vedteke.

Framlegg frå SP v/repr. Eikevik falt med 7 røyster (3 SV v/Eikevik, Halsne, Midtbø, 3 UAH v/Berg, Hagen, Kvalheim og Høgre v/Sunde.

Framlegg frå UAH v/repr. Kvalheim vedteke mot 3 røyster frå Venstre.

Innstilling frå formannskapet vedteke mot ei røyst frå Raudt v/Tveranger.

KOST- 079/25 Vedtak:

1. Formannskapet vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist 15. september.
2. Tillegg i Kap 1.0 Kommunenplanen kort oppsummert avsnitt Kva er det viktigaste?

Samhandling mellom senter og omland, eller mellom by og bygd, er viktig. Bygdene i Kinn er av ulik storleik, nokre er på fastlandet og nokre er på øyar. Dei to byane i Kinn og bygdene rundt er avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Florø og Måløy fungerer i stor grad som knutepunkt, der tenestetilbod, næringsliv, handel og arbeidsplassar er samla. Folk frå bygdene reiser til byane for arbeid, utdanning eller spesialiserte tenester som helse- og kulturtilbod. Samtidig er bygdene viktige for byane ved at dei kan ha arbeidsplassar, flotte landlege bustadmoglegheiter, natur-, friluft- og kulturaktivitetar, råvarer, mat og naturressursar som byane er avhengig av. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

3. Foreslår at både Måløy og Florø nevnes i første avsnitt, og at setningen endres slik: "Det er eit sentralt mål at Kinn er attraktiv for statleg og regional etablering av offentlege tenester, noko det er eit stort potensial for i både Måløy og Florø"
Og at det tredje kulepunktet endres til: "Styrka tettstadar og byane våre"

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Ordførar bemerker at høyringsfristen må oppdaterast og endrast i forslaget, og foreslår ny høyringsfrist 15. september.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med høyringsfrist endra til 15. september, samrøystes vedteke.

FORM- 075/25 Vedtak:

Formannskapet vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 15. september.

Behandling i Formannskapet 03.04.2025:

Utsetting, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Formannskapet utset handsaminga av Samfunnsdelen av kommuneplanen i påvente av handsaming av skulestrukturplanen.

Røysting:

Utsetjingsforslag frå AP v/repr. Teigen vedteke mot 3 røyster (1 V v/Nødseth, 2 UAH v/Berg og Brunsvik).

FORM- 045/25 Vedtak:

Formannskapet utset handsaminga av Samfunnsdelen av kommuneplanen i påvente av handsaming av skulestrukturplanen.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 01.04.2025:

Supplering til samfunnsdelen til kommuneplanen, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

Dersom ein ser på funna i NIBR-rapporten i lokalt perspektiv, ser ein også viktigheita av samhandling mellom senter og omland, eller mellom by og bygd.

Bygdene i Kinn er av ulik storleik, nokre er på fastlandet og nokre er på øyar. Dei to byane i Kinn og bygdene rundt er, som rapporten seier, avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Florø og Måløy fungerer i stor grad som knutepunkt, der tenestetilbod, næringsliv, handel og arbeidsplassar er samla. Folk frå bygdene reiser til byane for arbeid, utdanning eller spesialiserte tenester som helse- og kulturtilbod. Samtidig er bygdene viktige for byane ved at dei m.a. kan ha arbeidsplassar, flotte landlege bustadmoglegheiter, natur-, friluft- og kulturaktivitetar, råvarer, mat og naturressursar som byane er avhengig av. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Forbehold, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Samfunnsdelen sendes på høring med forbehold om endringer i områdeplanlegging og skulestrukturendringer i sak 026/25.

Kommunedirektøren orienterte om prosess i saka så langt, og om vidare prosess om kommuneplanen sin samfunnsdel vert sendt på høring.

Viktig å sjå samanheng med overordna kommunedelplan og kommunalt vedtak om områdeplanar/skulestruktur. Punkt som er korrigert er m.a:

- attraktivitet
- demografi
- folketalsvekst

Røysting:

Tilleggsframlegg frå Venstre v/repr. Eliasson falt med 3 røyster (1 V v/Eliasson, 1 KrF v/Vig og 1 Raudt v/Knutsen).

Tilleggsframlegg frå SP v/repr. Halsne samrøystes vedteke.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 025/25 Vedtak:


Formannskapet vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi ut til offentlig ettersyn frå 4. april til 15. mai.

Dersom ein ser på funna i NIBR-rapporten i lokalt perspektiv, ser ein også viktigheita av samhandling mellom senter og omland, eller mellom by og bygd.

Bygdene i Kinn er av ulik storleik, nokre er på fastlandet og nokre er på øyar. Dei to byane i Kinn og bygdene rundt er, som rapporten seier, avhengige av kvarandre, både økonomisk, kulturelt og sosialt. Florø og Måløy fungerer i stor grad som knutepunkt, der tenestetilbod, næringsliv, handel og arbeidsplassar er samla. Folk frå bygdene reiser til byane for arbeid, utdanning eller spesialiserte tenester som helse- og kulturtilbod. Samtidig er bygdene viktige for byane ved at dei m.a. kan ha arbeidsplassar, flotte landlege bustadmoglegheiter, natur-, friluft- og kulturaktivitetar, råvarer, mat og naturressursar som byane er avhengig av. Vi er avhengige av å ha infrastruktur og kollektivtilbod mellom byane og grendene for at dette skal fungere optimalt.

Vedlegg i saken:

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 i Kinn og planstrategi



Saksnr.	Utval	Møtedato
018/25	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.06.2025
040/25	Oppvekst- og kulturutvalet	03.06.2025
080/25	Kommunestyret	12.06.2025

Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-25

KOST- 080/25 Vedtak:

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.06.2025

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.06.2025

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Bakgrunn for saka:

Frå 01.08.2024 er det ikkje lengre eit krav om at skuleeigar må utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa.

Opplæringslova § 17-12 legg slike føringar:

- Andre ledd: *Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa.*
- Fjerde ledd: *Kommunestyret og fylkestinget skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.*

Oppvekst- og kulturutvalet fekk orientering om utdrag frå *Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-2025* i møte 25.03.2025 (sak 17/25).

Med bakgrunn i vedtak KOST-070/23, legg Kommunedirektøren no fram *Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-2025* til politisk handsaming.

Saksopplysningar:

I *Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-2025* vert det presentert både tal og forteljingar som seier noko om kvaliteten i grunnskuleopplæringa i Kinn kommune.

Informasjonen i tilstandsrapporten er henta frå skuleeigar sine skulebesøk, og nasjonal statistikk for læringsresultat og læringsmiljø frå aktuelle fagsystem for grunnskulesektoren. I tillegg til å presentere resultat frå siste året, vert det også presentert utviklingstrekk for dei åra vi har samanlikningsgrunnlag.

I tilstandsrapporten vert det presentert døme på korleis vi i Kinn kommune følgjer opp nasjonale satsingar for å styrke arbeidet med læringsmiljø og grunnleggande ferdigheiter på kommunenivå og korleis nokre av skulane arbeider med dette.

Rapporten inneheld eige punkt om arbeidet med arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren (jf vedtak KOST-070/23).

Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-2025 følgjer som vedlegg.

Vurdering:

Kommunestyret skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa (jf. Opplæringslova §17-12, fjerde ledd).

Kommunane får ny oppdatert informasjonen om læringsmiljøet, læringsresultat og elevane si gjennomføring av opplæringa etter årleg nasjonal kartlegging og rapportering. I skuleeigar sitt arbeid med systematisk kvalitetsutvikling, erfarer vi at det er utfordrande å utarbeide halvårleg tilstandsrapport for grunnskulen med ny informasjon, slik det er gjort vedtak om i sak KOST- 70/23, punkt 4.

Kommunedirektøren vurderer at det er viktig at kommunestyret får oppdatert informasjon om læringsmiljø, læringsresultat, elevane si gjennomføring av opplæringa og anna kvalitetsarbeid. Med bakgrunn i verksemdsplanar og oppdrag, vert det rapportert på arbeidet med læringsmiljø, arbeidsmiljø og anna kvalitetsarbeid i tertialrapportar (Framsikt) gjennom året og i kommunen sin årsrapport (Framsikt).

Kommunedirektøren vurderer og tilrår at eigen tilstandsrapport for grunnskule kan utarbeidast årleg, og på sikt kan vurderast å inngå i årshjulet for rapportering i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Opplæringslova § 17-12

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Røysting:

Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 080/25 Vedtak:

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.2025:

Marianne Nødset orienterte om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 040/25 Vedtak:

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2025:


Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar kommuendirektøren sitt framlegg til vedtak.

RMNF- 018/25 Vedtak:

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Kinn skuleåret 2024-25 vert tatt til vitande.
2. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vert utarbeidd årleg.
3. Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn vil på sikt inngå i som del av rapporteringa i Framsikt (tertialrapportar og årsrapport).

Vedlegg i saken:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Kinn 2024-25



Saksnr.	Utval	Møtedato
038/25	Oppvekst- og kulturutvalet	03.06.2025
081/25	Kommunestyret	12.06.2025

Reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune

KOST- 081/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune:

§1 Oppbevaring av ordførarkjedet

Kinn kommune sitt ordførarkjede er kommunen sin eigedom. Kinn kommune held kjedet forsikra og har ansvar for reinhald og vedlikehald.

Når kjedet ikkje er i bruk, skal det vere forsvarleg oppbevart i skap med lås på rådhuset. På reiser nyttast eigen koffert, og oppbevaring skal skje på trygge stader.

§2 Bruk av kjedet

I tillegg til skjønn, gjeld denne rettleiinga:

- Intensjonen er at ordførarkjedet skal symbolisere verdigheita til kommunens fremste representant i høgtidelege samanhengar.
- Kjedet kan nyttast når ordførar representerer Kinn kommune, t.d. ved tilstellingar der kommunen er vertskap, innviing av offentlege anlegg, overrekking av utmerkingar, kommunale vigslar.
- Kjedet skal nyttast når ordførar representerer Kinn kommune ved offisielle og høgtidelege besøk til kommunen.
- Kjedet kan nyttast av varaordførar når denne er stadfortredar til ordførar.
- Kjedet skal ikkje berast ved ordinære kommunestyremøte.
- Kjedet skal berast og overrekkast ved skifte av ordførar.
- Kjedet skal berast utanpå pent og korrekt antrekk. Val av fargar, kle, smykke, slips o.l. må tilpassast kjedet. Kjedet kan brukast utanpå bunad.
- Kjedet skal normalt ikkje berast saman med uniform.
- Kjedet skal normalt ikkje berast saman med dekorasjonar, ordenar, medaljar, utmerkingar og liknande.
- Kjedet skal berast slik at det balanserer på skuldrane, med like mykje vekt bak som framme.
- Kjedet skal ikkje nyttast på arrangement i andre kommunar dersom dette ikkje er avklart på førehand med ordførar i vertskommunen.

§3 Forvaltning av kjedet

Ordførar har ansvar for forvaltning av kjedet.

Ordførar har ansvar for handheving av reglar for bruk.

Reinhald og vedlikehald skal utførast av kvalifisert personell.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.06.2025

Kommunestyret vedtek reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune:

§1 Oppbevaring av ordførarkjedet

Kinn kommune sitt ordførarkjede er kommunen sin eigedom. Kinnkommune held kjedet forsikra og har ansvar for reinhald og vedlikehald.
Når kjedet ikkje er i bruk, skal det vere forsvarleg oppbevart i skap med lås på rådhuset. På reiser nyttast eigen koffert, og oppbevaring skal skje på trygge stader.

§2 Bruk av kjedet

I tillegg til skjønn, gjeld denne rettleiinga:

- a. Intensjonen er at ordførarkjedet skal symbolisere verdigheita til kommunens fremste representant i høgtidelege samanhengar.
- b. Kjedet kan nyttast når ordførar representerer Kinn kommune, t.d. ved tilstellingar der kommunen er vertskap, innviing av offentlege anlegg, overrekking av utmerkingar, kommunale vigslar.
- c. Kjedet skal nyttast når ordførar representerer Kinn kommune ved offisielle og høgtidelege besøk til kommunen.
- d. Kjedet kan nyttast av varaordførar når denne er stadfortredar til ordførar.
- e. Kjedet skal ikkje berast ved ordinære kommunestyremøte.
- f. Kjedet skal berast og overrekkast ved skifte av ordførar.
- g. Kjedet skal berast utanpå pent og korrekt antrekk. Val av fargar, kle, smykke, slips o.l. må tilpassast kjedet. Kjedet kan brukast utanpå bunad.
- h. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med uniform.
- i. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med dekorasjonar, ordenar, medaljar, utmerkingar og liknande.
- j. Kjedet skal berast slik at det balanserer på skuldrane, med like mykje vekt bak som framme.
- k. Kjedet skal ikkje nyttast på arrangement i andre kommunar dersom dette ikkje er avklart på førehand med ordførar i vertskommunen.

§3 Forvaltning av kjedet

Ordførar har ansvar for forvaltning av kjedet.

Ordførar har ansvar for handheving av reglar for bruk.

Reinhald og vedlikehald skal utførast av kvalifisert personell.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune:

§1 Oppbevaring av ordførarkjedet

Kinn kommune sitt ordførarkjede er kommunen sin eigedom. Kinnkommune held kjedet forsikra og har ansvar for reinhald og vedlikehald.

Når kjedet ikkje er i bruk, skal det vere forsvarleg oppbevart i skap med lås på rådhuset. På reiser nyttast eigen koffert, og oppbevaring skal skje på trygge stader.

§2 Bruk av kjedet

I tillegg til skjønn, gjeld denne rettleiinga:

- a. Intensjonen er at ordførarkjedet skal symbolisere verdigheita til kommunens fremste representant i høgtidelege samanhengar.
- b. Kjedet kan nyttast når ordførar representerer Kinn kommune, t.d. ved tilstellingar der kommunen er vertskap, innviing av offentlege anlegg, overrekking av utmerkingar, kommunale vigslar.
- c. Kjedet skal nyttast når ordførar representerer Kinn kommune ved offisielle og høgtidelege besøk til kommunen.
- d. Kjedet kan nyttast av varaordførar når denne er stadfortredar til ordførar.
- e. Kjedet skal ikkje berast ved ordinære kommunestyremøte.
- f. Kjedet skal berast og overrekkast ved skifte av ordførar.
- g. Kjedet skal berast utanpå pent og korrekt antrekk. Val av fargar, kle, smykke, slips o.l. må tilpassast kjedet. Kjedet kan brukast utanpå bunad.

- h. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med uniform.
- i. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med dekorasjonar, ordenar, medaljar, utmerkingar og liknande.
- j. Kjedet skal berast slik at det balanserer på skuldrane, med like mykje vekt bak som framme.
- k. Kjedet skal ikkje nyttast på arrangement i andre kommunar dersom dette ikkje er avklart på førehand med ordførar i vertskommunen.

§3 Forvaltning av kjedet

Ordførar har ansvar for forvaltning av kjedet.

Ordførar har ansvar for handheving av reglar for bruk.

Reinhold og vedlikehald skal utførast av kvalifisert personell.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har fått ordførarkjede. I det høvet bør ein vedta reglement for bruk og forvaltning av kjedet. Kjedet er eit viktig symbol i Kinn kommune, og skal brukast i gitte offisielle og høgtidelege situasjonar.

Ordførarkjedet i Kinn vart teke i bruk første gong 8. mai 2025.

Kommunestyret i Kinn har sett av midlar, Oppvekst- og kulturutvalet har vedteke det prinsipielle vedrørende innkjøpsprosess og utforming. Adhoc-utvalet har teke del i detaljutforming av kjedet i lag med administrasjonen i Kinn kommune og Fjordsylv AS som har utforma og produsert kjedet.

Politiske saker i Oppvekst- og kulturutvalet: sak 033/24 Prosess på utforming og produksjon av ordførarkjede, sak 061/24 Val av konsept - ordførarkjede, sak 73/24 Utforming av ordførarkjede.

Saksopplysningar:

Administrasjonen har, i samråd med ordførar, sett på andre kommunar sine reglement og utarbeidd eit framlegg som er tilpassa Kinn kommune.

Det blir vedtatt reglement for oppbevaring av kjedet og forvaltning av kjedet. Det er opna for bruk av skjønn ved bruk av kjedet. I tillegg blir det vedtatt ei rettleiing for bruk av kjedet.

Innleiinga til reglementet inneheld informasjon om utforminga av ordførarkjedet og beskriving av symbola i kjedet.

Fullstendig dokument ligg ved saka.

Vurderingar:

Når ordførarkjedet i Kinn kommune er på plass, er det relevant å vedta reglement for bruk av dette.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Røysting:

Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 081/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune:

§1 Oppbevaring av ordførarkjedet

Kinn kommune sitt ordførarkjede er kommunen sin eigedom. Kinn kommune held kjedet forsikra og har ansvar for reinhald og vedlikehald.

Når kjedet ikkje er i bruk, skal det vere forsvarleg oppbevart i skap med lås på rådhuset. På reiser nyttast eigen koffert, og oppbevaring skal skje på trygge stader.

§2 Bruk av kjedet

I tillegg til skjønn, gjeld denne rettleiinga:

- a. Intensjonen er at ordførarkjedet skal symbolisere verdigheita til kommunens fremste representant i høgtidelege samanhengar.
- b. Kjedet kan nyttast når ordførar representerer Kinn kommune, t.d. ved tilstellingar der kommunen er vertskap, innviing av offentlege anlegg, overrekking av utmerkingar, kommunale vigslar.
- c. Kjedet skal nyttast når ordførar representerer Kinn kommune ved offisielle og høgtidelege besøk til kommunen.
- d. Kjedet kan nyttast av varaordførar når denne er stadfortredar til ordførar.
- e. Kjedet skal ikkje berast ved ordinære kommunestyremøte.
- f. Kjedet skal berast og overrekkast ved skifte av ordførar.
- g. Kjedet skal berast utanpå pent og korrekt antrekk. Val av fargar, kle, smykke, slips o.l. må tilpassast kjedet. Kjedet kan brukast utanpå bunad.
- h. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med uniform.
- i. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med dekorasjonar, ordenar, medaljar, utmerkingar og liknande.
- j. Kjedet skal berast slik at det balanserer på skuldrane, med like mykje vekt bak som framme.
- k. Kjedet skal ikkje nyttast på arrangement i andre kommunar dersom dette ikkje er avklart på førehand med ordførar i vertskommunen.

§3 Forvaltning av kjedet

Ordførar har ansvar for forvaltning av kjedet.

Ordførar har ansvar for handheving av reglar for bruk.

Reinhald og vedlikehald skal utførast av kvalifisert personell.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.2025:

Orientering i saka av kultursjef Anita Solbakken.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 038/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune:

§1 Oppbevaring av ordførarkjedet

Kinn kommune sitt ordførarkjede er kommunen sin eigedom. Kinnkommune held kjedet forsikra og har ansvar for reinhald og vedlikehald.

Når kjedet ikkje er i bruk, skal det vere forsvarleg oppbevart i skap med lås på rådhuset. På reiser nyttast eigen koffert, og oppbevaring skal skje på trygge stader.

§2 Bruk av kjedet

I tillegg til skjønn, gjeld denne rettleiinga:

- a. Intensjonen er at ordførarkjedet skal symbolisere verdigheita til kommunens fremste representant i høgtidelege samanhengar.
- b. Kjedet kan nyttast når ordførar representerer Kinn kommune, t.d. ved tilstellingar der kommunen er vertskap, innviing av offentlege anlegg, overrekking av utmerkingar, kommunale vigslar.
- c. Kjedet skal nyttast når ordførar representerer Kinn kommune ved offisielle og høgtidelege besøk til kommunen.
- d. Kjedet kan nyttast av varaordførar når denne er stadfortredar til ordførar.
- e. Kjedet skal ikkje berast ved ordinære kommunestyremøte.
- f. Kjedet skal berast og overrekkast ved skifte av ordførar.
- g. Kjedet skal berast utanpå pent og korrekt antrekk. Val av fargar, kle, smykke, slips o.l. må tilpassast kjedet. Kjedet kan brukast utanpå bunad.
- h. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med uniform.
- i. Kjedet skal normalt ikkje berast saman med dekorasjonar, ordenar, medaljar, utmerkingar og liknande.
- j. Kjedet skal berast slik at det balanserer på skuldrane, med like mykje vekt bak som framme.
- k. Kjedet skal ikkje nyttast på arrangement i andre kommunar dersom dette ikkje er avklart på førehand med ordførar i vertskommunen.

§3 Forvaltning av kjedet


Ordførar har ansvar for forvaltning av kjedet.

Ordførar har ansvar for handheving av reglar for bruk.

Reinhald og vedlikehald skal utførast av kvalifisert personell.

Vedlegg i saken:

Reglement for bruk av ordførarkjedet i Kinn kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/25	Oppvekst- og kulturutvalet	03.06.2025
082/25	Kommunestyret	12.06.2025

Prosess på utforming av retningslinjer for kulturfond i Kinn

KOST- 082/25 Vedtak:

Vidare arbeid med retningslinjer for kulturfond vil vere basert på opplysningar som kjem fram i saka og blir sendt til oppvekst- og kulturutvalet for vidare behandling.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.06.2025

Vidare arbeid med retningslinjer for kulturfond vil vere basert på opplysningar som kjem fram i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vidare arbeid med retningslinjer for kulturfond vil vere basert på opplysningar som kjem fram i saka.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har sett av midlar til eit kommunalt kulturfond. Det er behov for å starte prosess på utforming av retningslinjer for bruken av midlane.

Oppvekst- og kulturutvalet har i etterkant av vedtaket i kommunestyret bede om ei revidering av kriteria for tildeling av dei kommunale kultumidlane.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har i budsjettvedtak 16.12.24 sak 163/24 Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028 vedteke å sette av midlar til eit kommunalt kulturfond. For 2025 er avsett beløp 546 000 kroner, samt at det er lagt inn midlar vidare i økonomiplanen. Det er behov for å starte prosessen med utforming av retningslinjer for bruken av midlane. Innretning på regionale kulturfondsmidlar er i prosess og kommunale retningslinjer bør tilpassast.

Vidare har Oppvekst- og kulturutvalet i møte 25.03.25 sak 013/25 bede om ei revidering av kriteria for tildeling av dei kommunale kultumidlane. I 2025 er det tildelt 250 000 kroner i kulturmidlar. Gjeldande retningslinjer for kulturmidlar er vedteke av Oppvekst- og Kulturutvalet 23.01.24 sak 005/24 og er som følgjer:

1 Tildeling

Kinn kommune ved Oppvekst- og kulturutvalet deler ut tilskot til kulturføremål. Storleiken på midlane vert bestemt ut frå rammene i kulturbudsjettet til ei kvar tid.

2 Føremål

Føremål med kulturmidlane er forankra i Kulturlova og Strategi for Kulturfrivilligheit. I overordna planar er det vedteke at Kinn kommune skal legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Kulturmidlane skal styrke eksisterande kulturaktivitet og stimulere til nyskaping.

3 Vilkår for tildeling

3.1. Midlane skal gå til lag, organisasjonar og profesjonelle kulturutøvarar med tilknytning til kommunen, og som driv med kulturaktivitetar for innbyggjarane i kommunen.

3.2. Opne arrangement / tiltak vert prioritert. Organisasjonar som søker skal vere opne for alle som ønskjer medlemskap.

- Søknader med barn og unge som målgruppe vert prioritert.

- Nyskaping og samarbeid, og godt skisserte prosjekt vert prioritert framfor tilskot til drift.

3.3. Elektronisk søknadsskjema skal nyttast.

- I søknader om driftstilskot skal det opplysast om tal medlemmer over og under 18 år.

- I søknader om prosjekttilskot skal prosjekttomtale og budsjett leggjast ved. Innkjøp av utstyr er ikkje dekka av ordninga.

3.4. Lag og organisasjonar som søker må ha organisasjonsnummer og vere registrert i Frivilligregisteret. Profesjonelle kulturutøvarar må opplyse om foretaksnummer.

3.5. Dersom tildelte kulturmidlar vert nytta til andre føremål enn det som er søkt om, kan Kinn kommune krevje beløpet tilbakebetalt.

3.6. Det er sett vilkår om at arrangørar som vert tildelt kulturmidlar aksepterer følgjekortordninga.

3.7. Det skal opplysast i annonser og liknande at Kinn kommune støttar tiltaket.

4 Søkjarar som fell utanfor ordninga

Søknadsordninga gjeld ikkje søkjarar med eit hovudsakleg (1) kommersielt formål, (2) humanitært eller forkynnande formål, (3) yrkesfagleg formål eller (4) politiske parti. Kommunale eller offentlege instansar kan heller ikkje søkje.

5 Endring av kriteria

Oppvekst- og Kulturutvalet kan revidere kriteria når utvalet finn det naudsynt.

Regjeringa har planar om å få etablert regionale kulturfond som fylkeskommunane skal forvalte. Forskrift for ordninga har vore på høyring nasjonalt. Pr no er det ikkje kjent korleis retningslinjene for det regionale kulturfondet for Vestland vil bli utforma.

Målet med dei regionale kulturfonda er auka aktivitet og deltaking i kulturlivet. Folk skal ha tilgang til kunst og kultur der dei bur. Ordninga skal støtte opp under ansvar og roller fylkeskommunane har på kulturområdet i dag, og skal bidra til gode lokalsamfunn og eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile landet. Departementet foreslår at tilskotsmidlane skal stimulere til auka aktivitet og deltaking i kulturlivet, styrke samspel mellom profesjonelt og frivillig kulturliv, forsterke lokal og regional kulturfrivilligheit og bidra til auka kvalitet på kunst- og kulturtilbodet.

Vurderingar:

Kommunedirektøren meiner det vil vere naturleg å starte prosessen med å sjå på retningslinjer for eit kommunalt kulturfond. Det vil vere naturleg å samstundes vurdere gjeldande retningslinjer for kulturmidlar, slik også Oppvekst- og Kulturutvalet har bedd om.

Kommunedirektøren ønskjer ein dialog på innretning på kulturfondet:

- Fondet skal ha som føremål å fremje kulturutvikling i Kinn kommune. Dvs. nye satsingar, tiltak og prosjekt mm. Det skal ikkje nyttast til drift av eksisterande

tilbod.

- Det skal arbeidast med å byggje opp fondet med eksterne midlar, t.d. frå fylkeskommunen, bankstiftingar, sponsorar mm. Oppbygging av fondet bør tuftast på langsiktig oppbygging av kapital, som igjen bør byggjast på solid partnerskapsavtalar med finansielle aktørar.
- I neste omgang må det sjåast på korleis kulturfondet skal virke opp mot andre ordningar, som kulturmidlane, hall-leige, tilskotsordning for sosial utjamning, fritidskonto mm.

Stortinget har i mars 2025 vedteke endring i kulturlova. Lovendringa får i hovudsak tre endringar med konsekvensar for kommunesektoren:

- Formålsparagrafen: Kulturfeltets viktige plass i samfunnsutviklinga blir tydeleggjort.
- Armlengdesprinsippet: kunst- og kulturfaglege avgjerder skal treffast uavhengig av politiske styresmakter, men at det er opp til kommunane sjølve å gjere innretningar.
- Planar kan vere i eigne dokument eller inngå i andre planar. Det skal lagast skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov som grunnlag for planarbeidet. Dessutan gir føreseigna pålegg til fylkeskommunar og kommunar om å fastsetje overordna mål og strategiar for kulturfeltet.

Kulturlova er førande for økonomiske tildelingar på kulturfeltet. Kommunane skal syte for at a. kulturlivet har føreseielege utviklingskår, b. å fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar, c. at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Innretning på regionale kulturfondsmidlar er i prosess og kommunale retningslinjer for økonomiske tildelingar på kulturfeltet bør tilpassast dette på ein slik måte at innsatsen samla sett blir godt koordinert til beste for heile kulturlivet i Kinn.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen sitt bidrag blir bestemt i årleg handsaming av økonomiplanen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Revidert kulturlov: konsekvensar for kommunesektoren \(KS\)](#)

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Raudt
Saka sendast tilbake til oppvekst og kulturutvalget.

Forslag, foreslått av Bengt Solheim-Olsen, Kinn Høgre
Vidare arbeid med retningslinjer for kulturfond vil vere basert på opplysningar som kjem fram i saka og blir sendt til oppvekst- og kulturutvalet for vidare behandling.

Røysting:

Framlegg frå ordførar samrøystes vedteke.

KOST- 082/25 Vedtak:

Vidare arbeid med retningslinjer for kulturfond vil vere basert på opplysningar som kjem fram i saka og blir sendt til oppvekst- og kulturutvalet for vidare behandling.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.2025:


Orientering i saka av kultursjef Anita Solbakken.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 039/25 Vedtak:

Vidare arbeid med retningsliner for kulturfond vil vere basert på opplysningar som kjem fram i saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
083/25	Kommunestyret	12.06.2025

Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap - NY BEHANDLING

KOST- 083/25 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap, ny versjon.
2. Kinn kommune vel ordførar og leiar i plan og miljøutvalet til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap, ny versjon.
2. Kinn kommune vel _____ og _____ til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

Bakgrunn for saka:

Det følger av § 7 i forskrift 4. januar 2022 nr. 10 om kommunal beredskap mot akuttforurensning at alle kommunar skal delta i interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning.

Det interkommunale samarbeidet skal opprettast i høve lov 22. juni 2018 nr. 83 omkommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 19 eller lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-loven).

IUA Sogn og Sunnfjord vart oppretta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova. Fristen for omdanning til en lovleg samarbeidsform (kommunalt oppgavefellesskap eller interkommunalt selskap) er fire år etter at den nye kommunelova trådte i kraft, noko som skulle vore gjort hausten 2023.

Saka har vore til behandling i formannskapet og kommunestyret i Kinn i mai 2025. Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.05.2025:

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap.
2. Kinn kommune vel ordførar og Arlene Vågane til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO. Vara vert varaordførar og Anita Eikevik.

Kommunestyret vedtok å utsetje saka:

KOST- 061/25 Vedtak:Saka vert utsett. Det må framforhandlast ein avtale som rettar opp feil i punkt 10. I forhandlingane skal ein og vurdere formuleringane i punkt 7 og 9 i avtalen.

Saksdokumenta frå kommunestyret 15.05.2025 ligg ved saka.

Etter utsetjinga er det laga ny versjon av samarbeidsavtalen, der endringane er merka med **blått**:

Punkt 7: Endra setning merka i blått:

Representantskapet er beslutningsdyktig når minst halvparten av deltakerkommunene er representert. Representantskapets beslutninger treffes med alminnelig flertall. Ved stemmelikhet har møteleder dobbeltstemme.

Grunngjeving: Dette er vanleg praksis i tilsvarande organ.

Punkt 7: Endra setning merka i blått:

Ekstraordinært representantskapsmøte kan bli innkalt med minst tre ukers skriftlig varsel etter vedtak i styret eller når minst 1/3 av representanter krever det skriftlig.

Grunngjeving: Dette er vanleg praksis i tilsvarande organ.

Punkt 10: Endra setning merka i blått:

Varabrannsjef i administrasjonskommunen Kinn avdeling Florø, er daglig leder av IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

Grunngjeving: Endring i tråd med organisering av Kinn brann og redning.

Ny versjon er sendt ut til dei andre kommunane i samarbeidet med oppmoding om å ta inn endringane i deira vedtak.

Saksopplysningar:

IUA Sogn og Sunnfjord region KO dekker følgande kommunar:

- Aurland
- Askvoll
- Fjaler
- Høyanger
- Kinn
- Luster
- Lærdal
- Sogndal
- Sunnfjord
- Vik
- Årdal

Årsmøtet i IUA Sogn og Sunnfjord region etablerte IUA Sogn og Sunnfjord region KO den 13. juni 2024 gjennom følgjande vedtak:

«1. Årsmøtet vedtar å omdanne IUA Sogn og Sunnfjord region til et interkommunalt oppgavefellesskap innan våren 2025.

2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med utgangspunkt idagens vedtekter.

3. Samarbeidsavtalen skal legges frem for kommunestyrene i samtlige deltakerkommuner for godkjenning.»

Årsmøtets møteleiar poengterte overfor årsmøtet at samarbeidsavtalen som styret utarbeider ikkje skal tilbake til årsmøtet, men direkte ut til deltakarkommunane for behandling der.

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefellesskap, skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet.

Samarbeidsavtalen skal som eit minimum fastsetje:

- a) namn på oppgåvefellesskapet
- b) om oppgåvefellesskapet er eige rettssubjekt
- c) kor mange medlemmer den enkelte deltakaren skal ha i representantskapen
- d) kva oppgåver og kva mynde som er lagt til oppgåvefellesskapet
- e) deltakarane si plikt til innskot og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefellesskapet
- f) den enkelte deltakaren sin eigarandelen i oppgåvefellesskapet og ansvarsandel for fellesskapet sine forpliktingar dersom ansvarsandelen avviker frå eigarandelen
- g) om oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å ta opp lån
- h) kva oppgåvefellesskapet skal rapportere til deltakarane om
- i) korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefellesskapet
- j) korleis oppgåvefellesskapet skal oppløysast, blant annet kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapet sine arkiv blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet er oppløyst

Vedlagt følgjer samarbeidsavtale for IUA Sogn og Sunnfjord region KO. Under utarbeidinga av samarbeidsavtalen har sekretariatet innhenta erfaringar frå andre IUA og ein del øvrige samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefellesskap. KS Advokatene og Kystverket har gitt råd, mellom anna for å sikre at samarbeidsavtalen tek tilstrekkeleg omsyn til skilnaden i storleik på deltakarkommunane våre.

Styret i IUA Sogn og Sunnfjord region behandla forslaget til samarbeidsavtale i møte 10. desember 2024, og fatta følgande einstemmige vedtak:

«Styret godkjenner samarbeidsavtalen for IUA Sogn og Sunnfjord region KO, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakerkommunene for godkjenning i kommunestyrene. Mal for saksframstilling skal legges ved samarbeidsavtalen ved utsendelse til deltakerkommunene for å sikre at det blir fattet likelydende vedtak i alle kommunene.»

Det blir samtidig bede om at kommunane vel representant og vararepresentant til representantskapet i IUA Sogn og Sunnfjord region KO, etter samarbeidsavtalen punkt 7. Kinn kommune skal velje to representantar til representantskapen.

Den gamle avtalen for IUA Sogn og Sunnfjord var godkjent av Flora bystyre 22.06.1998, men det er kun siste sida som er tilgjengeleg i arkivet.

Vurderingar:

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alledeltakarkommunane. Kommunane er bedne om å prioritere saka slik at kommunestyra kan fatte vedtak før sommaren 2025.

Økonomiske konsekvensar:

Omdanninga av IUA Sogn og Sunnfjord region frå eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Framlegg frå valnemnda, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommune vel ordførar og leiar i plan og miljøutvalet til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.
Framlegg frå valnemnda samrøystes vedteke.

KOST- 083/25 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgavefellesskap, ny versjon.
2. Kinn kommune vel ordførar og leiar i plan og miljøutvalet til medlem av representantskapen i IUA Sogn og Sunnfjord region KO.

Vedlegg i saken:

Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forureining
Sogn og Sunnfjord region kommunalt oppgåvefellesskap NY VERSJON
Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Sogn og
Sunnfjord region kommunalt oppgåvefellesskap, behandling i k-styret 15.05.2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/25	Kinn eldreråd	02.06.2025
013/25	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.06.2025
035/25	Oppvekst- og kulturutvalet	03.06.2025
015/25	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	03.06.2025
069/25	Formannskapet	10.06.2025
084/25	Kommunestyret	12.06.2025

Orientering om samarbeid mellom Kinn kommune og Origod si satsing på FRAM

KOST- 084/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 02.06.2025

Eldrerådet tar orienteringa til vitande.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.06.2025

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.06.2025

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 03.06.2025

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Bakgrunn for saka:

Det er kartlagt status, moglegheter og utfordringar for samarbeid mellom Kinn kommune og frivillig sektor, og det er kartlagt initiativ frå andre aktørar. Herunder har Kinn kommune deltatt i arbeidsmøte om Origod si satsing på arbeid mot utanforskap

FRAM. Saka er ei orientering om at Kinn kommune inngår samarbeid med Origod om deira FRAM- prosjekt. Informasjon om FRAM ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Origod som prosjekteigar av FRAM, vil prøve ut ein modell på 20 unge i tre år, med plan om å nytte erfaringar frå prosjektet i fleire kommunar. Origod har kontor i Florø og Førde og dei tre største eigarane er Kinn og Sunnfjord kommunar og Vestland fylkeskommune

Kinn kommune har hausten 2024 vurdert Måløy Asvo og Origod som supplement eller i stadenfor våre tenester. Særskilt retta mot utanforskap og fellesskap. Vurderingane ligg i rapporten «Samarbeid og samskaping Kinn kommune og frivillig sektor». Rapporten ligg som vedlegg til saka.

Vurderingar:

Kinn kommune har inkludering og det å hindre utanforskap som eit satsingsområde. Kommunedirektør er veldig positiv til Origod sitt prosjekt FRAM som viktig bidrag i arbeid mot utanforskap. Kinn kommune er ein av dei største eigarane av Origod, saman med Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune, og det vert vurdert naturleg å bidra til prosjektet.

Det er utarbeidd samarbeidsavtale mellom Kinn kommune og Origod for FRAM-prosjektet. Samarbeidet går i hovudsak ut på at Origod er prosjekteigar og har ansvar for finansiering av programmet. Origod har ansvar for å følgje opp og rekruttere deltakarar, og har kontakt med bedrifter og frivillige lag og organisasjonar. Kinn kommune skal tilrettelegge og koordinere for samarbeidet internt i kommunen. Bidra med rekruttering av deltakarar, bidra med kunnskap og kompetanse i arbeidet. Kinn kommune skal tilrettelegge for at deltakarane får eigna aktiviteter i dei aktuelle tenestene inntil 15 timar per veke. Kinn kommune vil bidra med støtte til søknadsskriving i prosjektet. Kinn kommune vert og deltakar i prosjektgruppa.

Økonomiske konsekvensar:

Samarbeidet krev ikkje ekstra finansiering frå Kinn kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Repr. Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er dagleg leiar for Origod, som er part i saken.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter forvaltningslova § 6 e. Kommunestyret erklærer samrøystes repr. Teigen inhabil, og han fråtrer i denne saka. Ingen vara.

Raudt v/repr. Geir Oldeide bemerker at neste sak ligg som undersak/vedlegg i denne saka, og ber om at det blir tatt vekk.

Ordførar bekrefter og vedlegget vert fjerna.

KrF v/repr. Nydal stiller spørsmål ved kvifor sak 84 og 85 er to ulike saker og ikkje i ei sak.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 084/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Repr. Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er dagleg leiar for Origod, som er part i saken.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter forvaltningslova § 6 e. Formannskapet erklærer samrøystes repr. Teigen inhabil, og han fråtrer i denne saka. Ingen vara.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 069/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 03.06.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 015/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.2025:

Trude Gulbranson orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 035/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2025:

Stabsleiar Trude Gulbranson orienterte om samarbeid mellom Kinn kommune og Origod si satsing på FRAM i fellesorientering med Eldrerådet.

RMNF- 013/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Behandling i Kinn eldreråd 02.06.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


KIEL- 010/25 Vedtak:

Eldrerådet tar orienteringa til vitande.

Vedlegg i saken:

FRAM Programnotat. Endelig 30.12.24 (1)

Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor (4) (2)



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/25	Kinn eldreråd	02.06.2025
014/25	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.06.2025
036/25	Oppvekst- og kulturutvalet	03.06.2025
016/25	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	03.06.2025
070/25	Formannskapet	10.06.2025
085/25	Kommunestyret	12.06.2025

Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor

KOST- 085/25 Vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.
3. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren i løpet av høsten kommer tilbake til kommunestyret med egen sak som gir et konkret bilde av tenestene Kirkens Bymisjon kan bidra med i Kinn, sett i sammenheng med Origod sitt Fram prosjekt, Kinn psykisk helse og rus, og andre aktører som jobber med de formåla som belyst i saken.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 02.06.2025

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Kinn kommune går ikkje vidare med å skrive intensjonsavtale med Kirkens bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø på dette tidspunkt.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.06.2025

Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne støtter kommunedirektørens forslag på punkt 1.

Punkt 2: Vi mener vi fremdeles bør støtte Kirkens bymisjons arbeid.

Vi kan ikkje sjå at forslagene som er kommt dekkjer jobben som kirkens bymisjon har gjort mtp innvandrere bakrunn, immigranter og asylsøkere.

Med tanke på utenforskapet som vi skal forebygge, så kan det vere ei stor gruppe som faller utenfor her.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 03.06.2025

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Kinn kommune går ikkje vidare med å skrive intensjonsavtale med Kirkens bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø på dette tidspunkt.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 03.06.2025

1. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026 .

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2025

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Kinn kommune går ikkje vidare med å skrive intensjonsavtale med Kirkens bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø på dette tidspunkt.

Bakgrunn for saka:

Ny handsaming etter FORM – 124/24 vedtak.

Bakgrunn for saka er oppfølging av målsetjingar frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er kartlagt status, moglegheiter og utfordringar for samarbeid mellom Kinn

kommune og frivillig sektor, og det er kartlagt initiativ frå andre aktørar. Herunder har Kinn kommune deltatt i arbeidsmøte om Origod si satsing på arbeid mot utanforskap FRAM. Det er vurdert i kva grad kommunen bør styrke og supplere innsats gjennom samarbeid med eksterne tenesteaktørar, slik som Kirkens Bymisjon, Origod og Måløy Asvo. Kartleggingane og vurderingane ligg som vedlegg til saka som eigen rapport. Det er gjennomført innspelsmøte med Ressursgruppa for frivillighet 09.01.25. I tillegg har det kome inn skriftlege innspel. Innspela frå ressursgruppa for frivillighet, med kommentarar frå kommunedirektør ligg og som vedlegg til saka.

I mars -mai 2024 vart det gjennomført eit forprosjekt mellom Kirkens bymisjon og representantar frå Kinn kommune med mål om å kartlegge behov for, og sjå på moglegheiter for sosialfaglege tiltak frå Kirkens bymisjon, som eit supplement til dei eksisterande tenestene i kommunen, Kirkens bymisjon og Kinn sokneråd. Rapporten inneheld tilrådingar og forslag til samarbeidsavtale mellom partane. Saka vurderer om Kinn kommune skal inngå intensjonsavtale eller ikkje. Saka dekkjer kommunestyret sitt utgreiingsvedtak sak 164/24, og påfølgjande presisering i sak 006/25.

Saksopplysningar:

Den vedlagde rapporten om Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor gir vurderingar og tilrådingar på strukturar som kan skape meir samarbeid og samskaping mellom frivillig sektor, kommune og andre aktørar for å styrke lokalsamfunnet. Den gir tilrådingar for handtering av fritidserklæringa. Rapporten vurderer og tilrår organisering av dei 2 store samarbeidsflatene kommunen har for arbeid retta mot frivillig sektor (Kultursektoren ved frivilligsentralane, og Helse -og velferdssektoren med LevVel).

Saka og rapporten Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor gir og vurderingar angåande Kirkens bymisjon som supplement til våre tenester. Tilsvarende gjeld for Origod og Asvo Måløy.

Det er gjennomført 2 større arbeidsprosessar for korleis Kinn kommune skal samarbeide og samskape med frivillig sektor og andre aktørar. Desse arbeida er samanfatta i rapportane:

- Rapport frå forprosjekt. Utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune med utgangspunkt i Florø. Rapport utarbeidd som forprosjekt for ein intensjonsavtale mellom Kinn kommune, Kirkens bymisjon og Kinn sokneråd
- Samarbeid og samskaping. Kinn kommune og frivillig sektor. Generell rapport med status og oversikt over samarbeid mellom Kinn kommune og frivillige lag og organisasjonar, og korleis ein kan organisere seg for å svare ut mål i kommuneplan sin samfunnsdel som omhandlar auka samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar. Kva utfordringar har vi, kva moglegheiter har vi, og tilrådingar for vidare arbeid.

Begge rapportane er vedlagt saka, og er viktige saksgrunnlag, i tillegg til innspela frå Ressursgruppa for frivillighet.

Vurderingar:

Vurderingar basert på rapport «Samarbeid og samskaping. Kinn kommune og frivillig sektor».

Kinn kommune er rik på frivillige i ulike lag og organisasjonar, og har mange og varierte aktivitetar. Kinn kommune har eit sterkt fokus på å styrke samskaping mellom frivillige og kommunale aktørar. Det er lang tradisjon for godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar, noko som kjem fram i rapporten. Kommunedirektør

vurderer, med bakgrunn i rapport, at det fins moglegheiter for ytterlegare strukturert samarbeid og arena samskaping. Med felles mål om å oppnå større grad av samskaping mellom kommunen og sivilsamfunnet. Tilrådingane i rapporten er basert på eksisterande strukturar – og korleis ytterlegare betre desse.

Kommunedirektør vurderer tilrådingane gitt i kapittel 9 i rapporten om samarbeid og samskaping Kinn kommune og frivillig sektor som gode tilrådingar for å iverksette betre strukturert samarbeid og samskaping. Etter innspelsmøte med ressursgruppa for frivillighet, og innkomne merknadar er det og gjort enkelte endringar i rapporten. Innspela og kommentarar er vedlagt sak.

Vurdering av grunnlag for behov for tiltak frå Kirkens bymisjon i Florø:

Kirkens bymisjon er ein ideell organisasjon som driver sosialt arbeid i Norge på eit kristent humanistisk grunnlag. Det er utarbeidd rapport basert på tverrfagleg behovskartlegging, og potensiell utvikling av sosialfaglege tiltak i samarbeid mellom Kinn kommune og Kirkens bymisjon, med følgende prioriterte tiltak:

I Kinn samfunnet eksisterer fleire av strukturane som er skissert i rapporten frå forprosjektet. Eigen kartlegging synleggjer at kommunen samla har mykje av tilboda som forprosjektet prioriterer. Det har difor vore eit poeng å synleggjere ekisterande frivillig tilbod og samarbeid i Kinn kommune.

Kommunedirektør vurderer det som en mogleg risiko at vi ved eit samarbeid med Kirkens bymisjon får for mange av konkurrerande tilbod. Mange tilbod til same målgruppa vil kunne gå utover bærekrafta til fungerande tilbod. Kommunedirektør vurderer det og at det kan være utfordrande personellmessig for tenestene å delta i samarbeid med Kirkens bymisjon som skissert i rapporten.

Det vert vurdert at kommunen heller bør bidra til å synleggjere og eventuelt koordinere dei ulike tilboda som eksisterer.

Kirkens bymisjon - tiltak	Andre tiltak i kommunen vår.	Vurdering av kommunal oppfølging
«I jobb ung» Unge vaksne (18-29 år) som ikkje er i arbeid eller utdanning; Målsetjinga er å tilby ein meistringsarena som gir innhald til dagen, aktivitet og fellesskap. Tiltaket vil ha kapasitet til 7-8 ungdommar om gongen, totalt 15 stk per år. Felles for målgruppa er at dei ikkje klarer nyttiggjere seg tiltak i NAV si ordinære tiltaksportefølje. Tiltaket vert første trinn for deltakarane på vegen mot utdanning, arbeid eller eventuell behandling.	FRAM Origod sitt 3-årige program mot utanforskap. Målgruppa er inntil 20 unge i utanforskap mellom 16-29 år i Kinn kommune. Sette saman eksisterande tiltak til eit program som kan skape eit heilskapleg tilbod til unge i utanforskap. Aktivitet, fellesskap, relasjonar, faglege og sosiale ferdigheiter og jobbtrening. Nytte erfaring, ressursar og kompetanse lokalt, men og være nysskapande, og tenke «ut av boksen».	Å få unge i utanforskap til meistring, arbeid/aktivitet og utdanning er ei særskilt viktig samfunnsoppgåve. Nav er kommunen sitt viktigaste verktøy, i samarbeid med andre. Kinn kommune er ein av dei største eigarane av Origod, saman med Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune, og det er naturleg å samarbeide om tiltaket.

«Bamsehiet, ettermiddagstilbod kl 16-18» «Triologi, laurdagskafe kl 10-14» Open møteplass og førebyggjande familiestøtte til småbarnsforeldre. Målsetjinga er å tilby gode aktivitetar og eit inkluderande fellesskap. Tilbodet skal være ope for alle, men viktigaste målgruppe er barn og unge som ikkje nyttar andre fritidstilbod, familiar med dårleg økonomi, familiar med lite eller sårbare nettverk, familiar som saknar storfamilien, familiar som strevar med psykiske problem eller synest det er vanskeleg å bli inkludert i nærmiljøet.	Kartlegging syner at det er mykje aktivitetar i Kinn kommune for målgruppa. Døme: - Gratis kafe kvar fredag på Allhuset i Eikefjord. Målgruppe; alle. - Tundag kvar søndag, Soldalen besøksgård for familiar. - Open hall, arrangert av Skavøypoll turn for barn, ungdom og familie - Bowl – lunsj ein fredag kvar månad frå 12-14. For alle. - Strikketreff – for ungdom, vaksen og senior på Frelsesarmeen kvar tysdag frå 18-20	Friskus aktivitetsskalender er nettopp innført. Ei synleggjering av alle aktivitetar vil bidra til at fleire finn tilbod som vil bidra til eit inkluderande fellesskap. Det er oversikt over kva tilbod som mellom anna er gratis, faste, målgruppa. Det vert jobba aktivt med informasjon, synleggjering av aktivitetsskalenderen og implementering. Det er innført fritidskonto for barn 6-18 år med låg terskel for midlar til fritidsaktivitet for familiar som treng det. Det er og oppretta eiga tilskotsordning for sosial utjamning som lag og organisasjonar kan søkje på.
«Generasjonsmøte», eit ettermiddagstilbod (kl. 17-20) for unge i alderen 15-25 år med innvandrar eller flyktningebakgrunn, også einslege mindreårige. Flyktningar og migrantar med særleg fokus på einslege mindreårige; Målsetjing; bidra til fellesskap, inkludering, vaksenkontakt, aktivitet, språk og kulturel læring og fagleg og emosjonell støtte. Gruppa skal koplust med frivillige medarbeidarar som er godt vaksne/pensjonistar med skulefagleg kompetanse. Ideell gruppestorleik er 10 deltakarar, 7 frivillige og ein tilsett som koordinator og fagleg ansvarleg.	Kartlegging og eigen rapport syner at det er moglegheiter for å bruke kulturlivet for å auka deltaking og auka medverknad. deltaking, auka medverknad for å nå fleire grupper. Havglytt har utvida tilbodet til å være ein plass for fleire grupper enn eldre. Det kan være både formell og uformell møteplass, og ha «møte mellom generasjonar og kultur». Kurs KF har nyleg opna internasjonal møteplass i Strandgata i Florø der dei legg til rette for nettverksbygging og entreprenørskap. Biblioteket/frivilligsnetralen i samarbeid med Røde kors arrangerer språkkafe. Biblioteket er gratisarena for høgtlesing og andre arrangement som Ope Hus	Kinn kommune har lokale som kan disponerast. Det er og fleire tilbod per i dag, med moglegheit for å bli betre koordinert.

	i samarbeid med m.a. LevVel	
Utlånssentral (BUA/Skattkammer) med aktivitetstilbud; Målsetjinga er at barn og unge kan delta i aktivitet og idrett ved å låne utstyr på BUA. Kirkens bymisjon kan overta BUA, og samstundes gi ungdom arbeidstrening, og legge til rette for mellom anna bruktbutikk og reperasjonskafe.	BUA – utstyrssentral både i Florø og Måløy vert i dag drifta av Kulturtenesta. Det er ei uttrykt målsetjing å få rekruttert frivillige inn i drifta. Det er stort utlån av utstyr.	Tiltaket kan driftast i kommunal regi eller av kommunen i samarbeid med andre aktørar. Eksisterer i dag, med stort utlån.

Finansiering: Samarbeid med eksterne tenesteleverandørar må skje innan rammer vi i dag disponerer. Dette betyr at det ikkje er sett av midlar å oppfylle intensjonsavtalen med Kirkens Bymisjon (eigenandel på 1,25 mill. Kr.) og det blir vanskeleg å gå vidare med intensjonsavtalen på dette tidspunkt. Vurderinga er og støtta av ressursgruppa for frivillighet.

Samla vurdering frå kommunedirektør er at Kinn kommune styrker samarbeidet med egne tenester og andre aktørar som ikkje krev finansiering. Kinn kommune inngår ikkje samarbeid med Kirkens bymisjon per no.

Økonomiske konsekvensar:

Det er ikkje sett av nye midlar til arbeidet.

Behandling i Formannskapet 26.11.2024:

Alternativt framlegg, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Saka skal ikkje handsamast i formannskapet før relevante hovudutval i Kinn kommune har handsama saka. Saka vert utsett til det er gjort.

Forslag, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Formannskapet sender saka som den føreligg som høyringsutkast til frivillig sektor, deretter til Oppvekst- og kulturutvalet for vidare behandling.

Representant Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han har delteke i utarbeidinga av saka med blant anna innspel og intervju.

Kommunedirektøren vurderer at han er inhabil på grunn av hans rolle i utarbeidinga av saka, jf. forvaltningsloven § 6 a.

Repr. Teigen samrøystes erklært inhabil av Formannskapet.

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

FORM- 124/24 Vedtak:

Formannskapet sender saka som den føreligg som høyringsutkast til frivillig sektor, deretter til Oppvekst- og kulturutvalet for vidare behandling.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2025:

Punkt 3 (Kinn SV), foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren i løpet av høsten kommer tilbake til kommunestyret med egen sak som gir et konkret bilde av tenestene Kirkens Bymisjon kan bidra med i Kinn, sett i sammenheng med Origod sitt Fram prosjekt, Kinn psykisk helse og rus, og andre aktører som jobber med de formåla som belyst i saken.

Repr. Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er dagleg leiar for Origod, som er part i saken.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter forvaltningslova § 6 e. Kommunestyret erklærer samrøystes repr. Teigen inhabil, og han fråtrer i denne saka. Ingen vara.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

Framlegg frå SV v/repr. Olafsson om nytt punkt 3 samrøystes vedteke.

KOST- 085/25 Vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.
3. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren i løpet av høsten kommer tilbake til kommunestyret med egen sak som gir et konkret bilde av tenestene Kirkens Bymisjon kan bidra med i Kinn, sett i sammenheng med Origod sitt Fram prosjekt, Kinn psykisk helse og rus, og andre aktører som jobber med de formåla som belyst i saken.

Behandling i Formannskapet 10.06.2025:

Nytt forslag, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.

2. Kinn kommune går ikkje vidare med å skrive intensjonsavtale med Kirkens bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø på dette tidspunkt.

3. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.

Repr. Teigen (AP) ønskjer sin habilitet vurdert, då han er dagleg leiar for Origod, som er

part i saken.

Kommunedirektøren vurderer at representanten er inhabil etter forvaltningslova § 6 e. Formannskapet erklærer samrøystes repr. Teigen inhabil, og han frårtrer i denne saka. Ingen vara.

10 stemmeberettiga i saka.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson voterast over i tre punkt.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson til punkt 1 samrøystes vedteke.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson til punkt 2 falt med 6 røyster (1 AP v/Christensen, 1 SV v/Olafsson, 1 UAH v/Brunsvik, 3 H v/Vågene og Solheim-Olsen med dobbelrøyst).

FORM- 070/25 Vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 03.06.2025:

Utsettelse av oppstart Kirkens bymisjon, foreslått av Siri Sunde, Kinn Høgre

1. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026 .

Det vart kun votert over innsendt forslag frå Høgre v/Sunde.

Røysting:

Framlegg frå Høgre v/repr. Sunde samrøystes vedteke.

HSOUV- 016/25 Vedtak:

1. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026 .

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.2025:

Nytt forslag pkt 2 mot rådmannens forslag pkt 2, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Punkt 2: Vi mener vi fremdeles bør støtte Kirkens bymisjons arbeid.

Vi kan ikkje sjå at forslagene som er komt dekker jobben som kirkens bymisjon har gjort mtp innvandrere bakrunn, immigranter og asylsøkere.
Med tanke på utenforskapet som vi skal forebygge, så kan det vere ei stor gruppe som faller utenfor her.

Trude Gulbrandsom orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til punkt 1 samrøystes vedteke.
Framlegg frå Venstre v/repr. Eliasson til punkt 2 vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg til punkt 2, og falt med 3 røyster (1 V v/Eliasson, Raudt v/Knutsen, 1 KrF v/Vig).

OPKUV- 036/25 Vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Kinn kommune går ikkje vidare med å skrive intensjonsavtale med Kirkens bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø på dette tidspunkt.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2025:

Forslag fra Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, foreslått av Weronica Nilsen Toftesund, Kinn Venstre
Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne støtter kommune direktørens forslag på punkt 1.

Punkt 2: Vi mener vi fremdeles bør støtte kirkens bymisjons arbeid.
Vi kan ikkje sjå at forslagene som er komt dekker jobben som kirkens bymisjon har gjort mtp innvandrere bakrunn, immigranter og asylsøkere.
